



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg: Tenesteutval for oppvekst og kultur**  
**Møtestad: Dalsfjorden, Rådhuset**  
**Dato: 14.02.2018**  
**Tid: 13.00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Arkivsak</b>
PS 7/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	
PS 8/18	<b>Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte</b>	
OS 2/18	<b>Orienteringssaker</b>	
OS 3/18	<b>Plan for helsestasjonen i Volda 2018 – 2020</b>	18/365
OS 4/18	<b>Referat SU (Samarbeidutvalet) Volda ungdomsskule</b>	17/1783
PS 9/18	<b>Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule</b>	16/1929
PS 10/18	<b>Revidering av kriterie for tildeling av kulturmidlar</b>	16/2129

**PS 7/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**PS 8/18 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte**

**OS 2/18 Orienteringssaker**



## Plan for helsestasjonen i Volda 2018 - 2020

- svangerskaps- og barselomsorg
- helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelseteneste
- helseteneste til asylsøkjjarar og flyktingar
- folkehelsearbeid, smittevern og miljøretta helsevern



## Forord

Plan for helsestasjonen i Volda skal vere ein del av kommunen sin planstrategi og bli vedteken i kommunestyret.

Helsestasjonen utarbeidde første gong ein plan som gjekk frå 2014 – 2017. I denne perioden vart helsestasjonen ein del av sektor opplæring og oppvekst.

Denne planen vil gå frå 2018 -2020, då nye Volda kommune vert etablert.

Planen byggjer på nasjonale lover, forskrifter og retningslinjer, samt Volda kommune sine planar og prosedyrer. Helsestasjon- og skulehelseteneste fekk nye retningslinjer i 2017. Svangerskapsomsorga får nye retningslinjer frå 2018.

Volda kommune sine prosedyrer er samla i eit elektronisk dataverktøy, *Compilo*.

Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst er eit av grunnlagsdokumenta for plan for helsestasjonen. Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge, og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølv livet.

Sektor opplæring og oppvekst og tenesteutval for oppvekst og kultur deltek i prosessen med planen.


Kommuneoverlege Arne Gotteberg har vore medisinsk fagleg rådgjevar i planprosessen.



# Innhald

<b>Forord</b> .....	side
<b>Innhald</b> .....	
<b>Samandrag</b> .....	
<b>1. Innleiing</b> .....	
1.1 Grunnlaget for tenestene.....	
1.2 Organisering .....	
<b>2. Tenester</b> .....	
<b>2.1 Svangerskapsomsorg</b> .....	
2.1.1 Svangerskapsomsorg.....	
2.1.2 Barselomsorg – JordmoraHeim.....	
<b>2.2 Helsestasjonsteneste for barn 0- 5 år</b> .....	
<b>2.3 Skulehelsetenesta 5-20 år</b> .....	
2.3.1 Barne- og ungdomsskule.....	
2.3.2 Videregående skule.....	
<b>2.4 Helsestasjon for ungdom og studentar (HFU/HFS)</b>	
<b>2.5 Helseteneste til asylsøkjjarar og flyktningar</b> .....	
<b>2.6 Styrking av tenester ved helsestasjonen</b> .....	
2.6.1 Kommunepsykolog.....	
2.6.2 Foreldrerettleiar.....	
2.6.3 Ressursteam og minoritetshelseteam.....	
<b>3.0 Offentleg helsearbeid</b> .....	
3.1 Smittevern. Pandemi.....	
3.2 Miljøretta helsevern.....	
3.3 Reisevaksinering.....	
<b>4. Fag- og kompetanseutvikling</b> .....	
<b>5. Oversikt over aktuelle lover, forskrifter og rundskriv.</b>	

Samandrag – skal reviderast til slutt



# 1. Innleiing

## 1.1 Grunnlaget for tenestene

I følgje Helse og omsorgstenestelova § 3-2 skal kommunen mellom anna gje tilbod om helsefremmande og førebyggjande tenester og svangerskap- og barselomsorgstenester.

«Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetenesten», omfattar alt helsefremmande og førebyggjande arbeid og har som mål å:

- fremje psykisk og fysisk helse
- fremje gode sosiale og miljømessige forhold
- førebyggje sjukdom og skader

Folkehelselova er ei overbyggjande lov som skal gjelde i alt arbeid i kommunen. Folkehelsearbeidet skal fremme innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding.

**Helsefremjande arbeid** er tiltak som skal betre føresetnadane for god helse og ta sikte på å fremje trivsel, velvære og at det skal vere mogleg å meistre dei utfordringane og belastningane menneska vert utsett for i dagleglivet.

**Førebyggjande arbeid** er tiltak som rettar seg mot å redusere sjukdom, skader eller for tidleg død. Det førebyggjande arbeidet kan delast i tre område slik oppveksttrekanten viser:


**1. Universell førebygging** – rettar seg mot heile folkegrupper, klasser, temagrupper og skal hindre at friske mennesker utviklar sjukdom.

**2. Selektiv førebygging** - rettar seg mot definerte risikogrupper eller individ. Tek sikte på å identifisere risikofaktorar og å hindre at problem får utvikle seg vidare.

**3. Indikativ førebygging** - rettar seg mot personar som allereie har utvikla vanskar. Gi hjelp slik at ein kan leve best mogleg med dei avgrensingar vanskane gir og å hindre forverring.

Fokus er størst mogleg innsats på lavaste nivå





Figur: Oppveksttrekanten

Helsefremmande og førebyggende arbeid står sterkt i fokus. Vi ser at utfordringane i samfunnet endrar seg over tid, og vi må til ei kvar tid sikre tilstrekkeleg ressursar og kompetanse i helsestasjonen, i tråd med Nasjonale faglege retningslinjer og Kvalitetsplanen til sektor opplæring og oppvekst.

### **Målet for helsestasjonen i Volda er:**

#### **At barn, ungdom og foreldre meistrar kvardagen sine utfordringar.**

Tilsette legg vekt på førebygging, oppdage vanskar tidleg og tverrfagleg samarbeid for å kome tidleg inn med støttetiltak til familiar som har behov for det. Det er godt samarbeid med andre kommunale instansar på individnivå, men ser det som nødvendig å jobbe vidare med samarbeid på systemnivå.

Helsestasjonen har i større grad enn tidlegare ei samansett foreldregruppe med tanke på kultur og bakgrunn. Helsestasjonen tilstreber å sikre god kvalitativt og likeverdige helsetenester, jfr IS -1022. Ein del av konsultasjonane medfører ekstra tid der kommunikasjon må bli tilpassa den enkelte. Mange treng utvida generell helseinformasjon og ein må bruke tolk i konsultasjonane. Vi erfarer at mange har helseutfordringar som krev planlegging, oppfølging og tverrfagleg samarbeid.

Helsestasjonen i Volda har hatt særleg fokus på kostveiledning og har utarbeidd eit eige Bra Mat materiell til bruk i grupper og individuelle konsultasjonar. Saman med frisklivssentralen har helsestasjonen hatt tilbod om kurs for utvalgte grupper. Dette tilbodet har ikkje vore gjennomført dei siste par åra. Helsestasjonen saman med Volda læringscenter har klart å gjennomføre tilrettelagte BraMat-kurs til elevar ved senteret.

Tenestene på helsestasjonen skal vere lett tilgjengeleg for alle målgrupper. Helsestasjonen skal sikre god service for brukarane gjennom gode daglege rutinar. Publikum skal få svar på det dei spør om når det

gjeld dei aktuelle tenestene, både direkte og pr. telefon. Dei skal også få vite når dei kan få kontakt med den dei ønskjer å snakke med.

Eit av måla våre for brukarane er «Ei dør inn», der dei får nødvendig informasjon og hjelp vidare til rett instans. For å få dette på plass må det arbeidast vidare med eit godt tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid.

Offentleg helsearbeid er ei kommunal oppgåve der helsestasjonen saman med kommuneoverlegen er sentral aktør. Det gjeld smittevern, miljøretta helsevern, reisevaksinerings/influensavaksinerings og er derfor teke med i planen.

Helsestasjonen er deltek i Kriseomsorgsgruppa med ei helsesøster og psykolog med vara.

## **1.2 Organisering**

Helsestasjonen er organisert i sektor for opplæring og oppvekst. Helsestasjonen har dagleg leiar i 40% stilling. Næraste overordna er oppvekstsjefen.

### Bemanning pr. 01.01.18:

Jordmor 0,8 stilling

Helsesøster 5,35 stilling, av dette er 0,4 leiarfunksjon.

Helsesekretær 0,72 stilling

Legeressursen ved helsestasjonen vart redusert i 2014 frå 0,5 % stilling til 0,3 stilling.

### **Prosjektmidler:**

Psykolog 100 % stilling: gjennom egne midlar og prosjektmidlar. Frå 2020 skal alle kommunar ha tilsett kommunal psykolog. Leiar for helsestasjonen er psykologen sin næraste leiar og psykologen har kontorfellesskap ved helsestasjonen.

### Styrking av barselomsorg, helsestasjon 0-5 år og skolehelseteneste:

Jordmørtene styrka med 0,2 stilling,

Helsesøster med 1,0 stilling,

Foreldrerettleiar i 50% stilling.

### Prosjekt til einslege mindreårige asylsøkjjarar har helsestasjonen fått:

Helsesøster 0,5 stilling,

Helsesekretær 0,8 stilling,

Lavterskel psykisk helse for minoritetar. 0,5 stilling

Helsestasjon for studentar: Helsesøster/jordmor har 0,2 stilling for. Det er inngått samarbeid med Studentsamskinaden og Høgskolen i Volda om drift.

Kommuneoverlegen er også ein viktig samarbeidspart, spesielt innanfor smittevern, miljøretta helsevern og utfordringar knytt til innvandrarar og andre.

Grunnbemanninga ved helsestasjonen er lav etter normtal frå Helsedirektoratet 2010. Nye normtal er også foreslått utarbeidd i 2018. Styrking av helsestasjonen er gjort gjennom prosjektmidlar, noko som er krevjande i høve søknad, rapportering og tilsettingsprosessar.

Lokaler:

Helsestasjonen er lokalisert i sentrum i underetasjen på Volda Rådhus. Lokala har for få kontor, er nedslitt og det er lytt mellom kontora. Lokala stettar derfor ikkje dagens krav til teieplikt og estetikk/hygiene.

Det er eit politisk vedtak om å oppretthalde helsestasjon i Dalsfjord. Denne har pga lite ressursar vore midlertidig stengt, men vil bli opna i 2018.

Skulehelsetenesta har eigne lokale på nokre barneskular, barne- og ungdomsskular og på vidaregåande skule. På dei andre barneskulane vert grupperom nytta. Volda ungdomsskule har plassproblem og dermed ei utfordring å få eige kontor til helsesøster. Lokala er av varierende storleik og ulikt tilpassa helsesøster sitt behov. Helsesøster brukar bærbar PC ute på skulane og får dermed tilgang til barna sin journal på helsestasjonsprogrammet.

Frå 01.01.18 vert Helsestasjon for ungdom (HFU) og Helsestasjon for studentar (HFS) flytta til kontor ved Øyra skule. Ørsta kommune kjøper teneste i Volda for helsestasjon for ungdom. Helsestasjon for studentar er administrert av leiar på helsestasjonen.

Arbeidsverktøy:

Helsestasjonen nyttar Visma Hspro som dataprogram. Dette fungerer bra, men har ikkje godkjent arkiveringssystem eller tilrettelagt for henvisingar via Norsk helsenett.

Tilsette jobber med personopplysningar og skal ha fokus på personvern og sikkerheitsrutiner. Dette vert gjennomgått med nytilsette og må takast opp jamnleg. Helsestasjonen nyttar kommunen sitt avviksmeldingssystem og verktøy for ROS\_analyse i Compilo.

## 2. Tenester

### 2.1 Svangerskapsomsorg

Svangerskapsomsorga omfattar plan for helsekontrollar for å førebygge sjukdom og identifisere risiko. Kvinner med risikosvangerskap blir henvist til annen relevant kompetanse.

Målet med svangerskapsomsorga er å:

- fremje helse og førebygge sjukdom hos den gravide, slik at barnet blir fødd utan sjukdom og skade som kunne vore hindra
- sikre kontinuitet i omsorga til kvinna
- sikre at alle kvinner får eit likeverdig omsorgstilbod kring svangerskap og barseltid

Svangerskapsomsorga er eit frivillig tilbod til gravide og dei gravide kan sjølve bestemme kvar dei vil gå til kontroll. Vi rår likevel den gravide til å følgje ein plan for svangerskapsomsorga der jordmor og fastlege samarbeider om omsorga og kontrollprogrammet for den gravide. Det er ønskjeleg at den første kontrollen er hos jordmor, som setter av ein time til første konsultasjon. Jordmor/lege skal gje tilbod om den første konsultasjonen innan ei til to veker etter at den gravide tek kontakt på bakgrunn av at det no er eit større fokus på levevanar hos gravide. Svangerskapsomsorga skal ha eit forutsigbart pasientforløp og ha eit basisprogram på åtte konsultasjonar. Tenesta skal vere behovsprøvd slik at kvinnene får tilbod om individuell og målretta oppfølging når det er behov for det.

Dei gravide får tilbod om å bli henvist til ultralydscreening i veke17 -19.

Svangerskapsomsorga arbeider etter retningslinjer frå 2005, men nye retningslinjer kjem i 2018. Retningslinjene har vekt på forskningsbasert kunnskap, brukarmedverknad, tverrfagleg, tydeleg og tilgjengeleg dokumentasjon og erfaring frå praksis. Bruk av «Helsekort for gravide» konkretiserer tiltaka i konsultasjonane.

Helsestasjonen arrangerer fødselsførebuande kurs som går over 2-3 kveldar, kvar på 2-3 timar. Målet med kurset er å førebu foreldra til fødsel, barseltid og den nye familien. Dette er primært eit tilbod til førstegongsforeldre.

Jordmor har også tilbod om gymnastikk i vatn for gravide. Målet er at den gravide skal få hjelp til å halde seg i form under svangerskapet og førebu seg til fødsel. Dette tilbodet er også tilpassa kvinner med bekkenplager.

### 2.1.1 Barselomsorg - JordmoraHeim

Frå 1. januar 2010, i tråd med samhandlingreforma, innførte Kvinneklinikken Helse Møre og Romsdal redusert liggetid ved føde- og barselavdelingane. Tidleg heimreise, 2 -3 døgn etter fødsel, gjer at den nye familien treng vidare oppfølging heime i barseltida. Barselkvinnene fekk meir behov for ammerettleing og paret trygging i foreldrerolla.

I Rapport frå Helsetilsynet 3/2011 vert det peikt på risikofaktorar ved kortare liggetid på barselavdelingane og konkludert med at barselomsorga bør systematiserast og kvalitetsmessig utviklast.

*Nasjonal faglig retningslinje for barselomsorg –Nytt liv og trygg barseltid for familien* skal gi retning for ein fagleg forsvarleg barselomsorg.

Retningslinja er utarbeidd på bakgrunn av forskningsbasert kunnskap, brukarerfaringar og klinisk praksis.

Ein individuell barselomsorg tek omsyn til familien, mora og spedbarnet sine behov. Tidleg heimebesøk av jordmor ønskjer å bidra til at gode og helsefremmande og førebyggjande tiltak når fram til alle. Kvinnene må kunne ta kontakt ved spørsmål eller uro for seg sjølv eller barnet. Det er naudsynt å legge til rette for familiar som er ukjent med norsk kultur og helseteneste.

Helsestasjonen har arbeidd med å få jordmoraHeim implementert sidan 2012. I eitt år hadde vi samarbeid med Ørsta kommune gjennom prosjektmidlar. JordmoraHeim blei kvalitetssikra gjennom samarbeid med Møreforskning i Volda. Rapport frå Møreforskning "Rapport nr. 43", syner at dette var eit svært viktig tilbod til barselkvinnene.

Frå 1. september 2017 fekk vi på nytt inn jordmor i 20% prosjektstillingstilling og starta opp igjen med tilbod om tidleg heimebesøk, *JordmoraHeim*. *JordmoraHeim* er eit tilbod om heimebesøk innan 48 timar etter heimreise frå barselavdelinga, eller så snart det let seg gjere på ein kvardag. Målet er å støtte foreldra og få ein god start på tilknytning til barnet og sikre meistring av foreldrerolla. Ammeveiledning skal følgje WHO sine *Ti trinn for vellykket amming*.

Barselomsorga med tidleg heimebesøk er ikkje implementert i ordinær drift i Volda kommune, men målet må vere å gjere dei nasjonale retningslinjene gjeldane for arbeidet i helsestasjonen.

#### Utfordringar

- Ha gode nok rutiner for individuell og tverrfagleg oppfølging rundt den gravide og den nye familien i svangerskapet og tida etter fødsel
- Å identifisere risikogrupper som har behov for ekstra oppfølging
- Etablere JordmoraHeim til ei fast ordning
- Å kunne gi god informasjon om foreldrerolla

## Tiltak

- Kompetanseheving av jordmødrene for å identifisere risikogrupper og kunne gi rett oppfølging
- Gjennomføre fødsel- og foreldreførebudende kurs
- Ha ressursar til å gi barselkvinnene tilbod om «jordmoraHeim» innan 48 timar

## 2.2 Helsestasjonsteneste for barn 0-5år

Volda kommune har 13 barnehagar og 98 % av barna i Volda går i barnehage. Samarbeid med barnehagane er eit av satsingsområda i planperioden.

Helsestasjonstenesta frå 0-5 år fylgjer eit standardisert program med tilbod om 14 konsultasjonar, inkludert eit heimebesøk til nyfødde. Siste 3 åra har ikkje 18mnd konsultasjonen vore eit tilbod til alle barn og helsestasjonstenesta i Dalsfjorden har vore midlertidig nedlagt på grunn av manglande ressursar. Dette ynskjer vi skal kome på plass i planperioden.

Helsestasjonen er godkjent som ammekyndig helsestasjon og har derfor hatt særleg fokus på amming. Helsestasjonstenesta tilstreber tett oppfølging av mor/barn etter fødsel, men vi ser likevel ein nedgang siste åra i tal på mødre som fullammar barnet sitt fram til 6 mnd slik retningslinjene tilrår.

Frå 2018 ynskjer vi å gjere 1mnd, 4mnd og 10mnd- konsultasjonane om til gruppekonsultasjonar etter nye anbefalingar. Dette forutset tettare samarbeid med fysioterapeut og tannpleiar.

Gjennom hyppige og gode observasjonar, god tillit og kjennskap til barn og familien, har vi ein viktig posisjon til å avdekke uheldig samspel. Tidsfaktoren og motet til å stå i utfordringane kan vere hinder. Nødvendig kunnskap og tverrfagleg samarbeid er viktig for resultatet og nødvendig støtte for den tilsette. Målet er å kome tidleg inn med støttetiltak til familiar som har behov for det. Vi opplever godt samarbeid med andre etatar og instansar på individnivå, men ser det som nødvendig å jobbe vidare med samarbeid på systemnivå.

Helsestasjonen har i større grad enn tidlegare ei samansett foreldregruppe med tanke på kultur og bakgrunn. Ein del av konsultasjonane medfører ekstra tid, tolk, tilpassa kommunikasjon og utvida generell helseinformasjon. Vi erfarer at mange har helseutfordringar som krev

planlegging, oppfølging og tverrfagleg samarbeid. Eit tilbod vi har hatt tidlegare er Mor-Barn gruppe, og det er eit mål å få dette på plass att.

Helsestasjonen i Volda har hatt særleg fokus på kostveiledning og har utarbeidd eit eige BraMat materiell til bruk i grupper og individuelle konsultasjonar. Siste par åra har helsesøstre ikkje hatt samarbeid med Frisklivssentralen rundt opne BraMat-kurs. Helsesøstre har gjennomført tilrettelagte BraMat-kurs x2 pr år i samarbeid med Volda læringscenter fram til sommaren 2017.

## Utfordringar

- Manglande oppfølging av småbarn på grunn av at helsesøsterressursen i Volda ligg under nasjonale normtal.
- Midlertidig nedlegging av helsestasjonen i Dalsfjord pga ressursmangel
- Tidleg identifisering/avdekking av barn og familiar med behov for ekstra oppfølging.
- Imøtekome nasjonale føringar om ekstra fokus på vold, overgrep og omsorgssvikt.
- Oppretthalde høg ammeprosent.
- Få etablert konsultasjonsgruppene som ein integrert del av helsestasjonsprogrammet.
- Få på plass likeverdige helsetjenester med tilpassa informasjon til utsette grupper, som t.d kunne tilby BraMat-kurs og MorBarn –gruppe.
- Manglande samarbeidsrutiner med ulike kommunale instansar som t.d barnehagane, fysioterapitenesta og barnevern.

## Tiltak

- Helsesøsterressursen må minimum opp i normtal utarbeidd av Helsedirektoratet for at alle skal få tilbod etter oppsett program.
- Starte opp att helsestasjonstilbodet i Dalsfjord.
- Tilrettelegge for å innarbeide nasjonale mål og føringar, t.d gjennom planarbeid og utarbeiding av prosedyrer, samt kunne tilby ekstrakonsultasjonar for å kome «Tidlig Inn» med støtte til dei som har behov for det.
- Etablere gode rutiner og styrke tiltak knytta til t.d vold, overgrep og omsorgssvikt.
- Tilby tett oppfølging ved ammeproblem.
- Etablere konsultasjonsgrupper ved 1, 4 og 10 mnd. som ein integrert del av helsestasjonsprogrammet.
- Starte opp att tilbod om BraMat kurs, samt Mor-Barn gruppe for dei med innvandrarbakgrunn .
- Etablere gode samarbeidsrutiner med andre kommunale instansar gjennom tverrfagleg og tverrsektorielt arbeid.

## 2.3 Skulehelsetenesta 5-20 år

Skulehelsetenesta i Volda omfattar skuleelevar i grunnskule, vidaregåande skule og deira familiar. Volda kommune har ein barneskule 1.-4.kl., 3 barneskular frå 1.- 7. klasse, ein privatskule 1.-7.kl., 3 utkantskular frå 1. - 10. klasse og ein ungdomsskule i sentrum. Volda har i tillegg ein vidaregåande skule og Volda læringsssenter med norskopplæring og grunnskuleopplæring for ungdom og vaksne frå 16 år.

### 2.3.1 Barne og ungdomsskule

Retningslinjene tilseier at skulehelsetenesta skal ha både individretta og klasseretta arbeid, men i tillegg ha særleg fokus på:

- Psykososialt miljø: bidra i skulen sitt arbeid som fremmer eit godt psykososialt miljø for elevane.
- Førebyggje vald, overgrep og omsorgssvikt.
- Følge opp born og ungdom med særskilte behov og familiene deira.
- Forebygging og oppfølging i forhold til overvekt. Volda ligg over landsgjennomsnitt i forhold til overvekt blant barn og unge.
- Samarbeid: tverrfaglig, foreldre, FAU, elevråd, mm.
- Systemretta arbeid: delta i skulane sitt arbeid med å planlegge tiltak på universelt-, gruppe- og individnivå.

I Volda har helsesøster trefftid/kontortid på alle barne og ungdomsskulane. Helsesøstrene opplever å ha for lite tid på skulane til å kunne fylgje opp enkeltelevar tilfredsstillande. Det har siste åra vore aukande pågang med elevar/lærarar som oppsøker helsesøster på skulen for å få råd/hjelp. Ofte vert det sett i gang tidkrevjande oppfølging av enkeltelevar med t.d psykologisk førstehjelp. Helsesøstre har heller ikkje nok samarbeidstid med lærarane. Prosjektstillinga i skulehelsetenesta kan rette på noko av dette.

Volda kommune har ei fysioterapistilling i 20% knytt opp til det førebyggjande arbeidet i skulehelsetenesta. Ho har ein del individuell oppfølging av småbarn, men er også ein viktig samarbeidspart i informasjonsopplegget på første foreldremøtet til alle 1.klasse foreldre.

### Utfordring

- Redusert helsesøstertilbod ved skulane
- Å tolke og bruke ungdatabesultata til godt systematisk arbeid
- Å tidleg identifisere born og familiar med behov for ekstra oppfølging.
- Avdekke/oppdage teikn på omsorgssvikt, vald eller overgrep.
- Få etablert gode rutiner for systemretta og tverrfagleg samarbeid for t.d. psykososialt arbeid, fråvær som vekker bekymring, mobbing i og utanfor skulen og overganger mellom skulane.
- Manglande oversikt over status for overvekt blant barn og unge.
- Få gode prosedyrer for oppfølging av barn og unge med overvekt
- Å sikre at barn med særskilte behov får ei tverrfagleg oppfølging



## Tiltak

- Jobbe for å få prosjektstillingane som faste stillingar slik at Volda får ein fagleg forsvarleg helsestasjon og alle elevane får den oppfølginga av skulehelseteneste dei har rett på.
- Innføre førsteklasseundersøking med helsesøster og lege.
- Utarbeide gode rutiner for å kunne avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt. Dette gjeld under konsultasjonane, på treftid og i samarbeid med skulen.
- Meir aktiv bruk av tverrfagleg ressursteam.
- Opprette samarbeidsfora med rektor, pedagogisk personale og andre samarbeidspartar.
  - Faste møtetidspunkt med rektor
  - Delta på foreldremøte med 1.klasse, 8.klasse og 1. klasse vidaregåande skule. Andre foreldremøte ved behov
  - Delta på elevråd 1 gang pr. år
  - Delta ved behov på møte med FAU
- Delta aktivt saman med skulen i metodar retta mot barna si helse, som t.d Zippys venner, psykologisk førstehjelp og Smart Oppvekst.
- Tilby grupper i samarbeid med skulen
  - Grupper for barn med to heimar
  - Jente/ guttegrupper
  - Pubertet, kosthald og aktivitet i samarbeid med fysioterapeut
  - Undervisning om seksuell helse, også i samarbeid med SMISO
  - Tilby alle elever i ungdomskulen besøk på Helsestasjon for ungdom
- Delta i det tverrfaglege arbeidet med å utarbeide prosedyrar knytt til mobbing og bekymringsfullt fråvær, og overgangar mellom skulane
- Arbeide med prosedyrer og drive førebyggjande arbeid i tråd med nasjonale føringar når det gjeld kosthald og overvekt
- Gi tilpassa oppfølging til risikoutsette barn og familiar i samarbeid med andre, til dømes skule, kommunepsykolog, familierettleiar, lege, fysioterapeut og andre.

### 2.3.2 Vidaregåande skule

Skulehelseteneste ved vidaregåande skule har i dag 50% helsesøsterteneste som er 16% under norm. Helsesøster er på skulen to heile dagar pr.veke og 10 % til kontor/administrasjon. Helsesøster har eige kontor på skulen. Alle elevar på 1.klassetrinnet blir kalla inn til ein 1.klasse samtale. Skulehelsetenesta opplever stor pågang og auka behov for oppfølging av elevar og lærarar. Dette gjer det utfordrande å prioritere tid til 1.klasse-samtlane.

Helsesøster er aktivt med i gjennomføring av skuleprogrammet VIP (Veiledning og Informasjon i Psykisk helse.)

Helsesøster er aktivt med i gjennomføring av arrangement for å forebygge overgrep/valdtekt i russetida i samarbeid med politi og SMICO(Senter mot incest og seksuelle overgrep).

Helsesøster vaksinerer årleg russekullet mot smittsam hjernehinnebetennelse.

### Utfordringar

- Aukande forekomst av Klamydia blant ungdom
- Aukande forekomst av psykiske vanskar, spesielt angst, depresjon, stress og press. (Ungdata)
- Uheldige rusvaner blant ungdom
- Behov for rett informasjon om seksuell helse.
- Risiko for smittsam hjernehinnebetennelse i aldersgruppe 16-19 år.
- Fråfall i vidaregåande skule.
- Aukande behov for individuelle samtaler
- Uforutsette svangerskap .

### Tiltak

- Trefftid/drop in.
- 1.klasse samtaler.
- Tilbod om resept på hormonell prevensjon og gratis kondomar.
- Informasjon om seksuell helse.
- Samtaletilbod.
- Tilvisning til spesialisthelseteneste- lege/psykolog.
- Gjennomføring av skuleprogrammet VIP for Vg1.
- Deltaking på samarbeidsmøter.
- Meningokokkvaksine til russekull og tilbod for 1.-2.klasse.
- Rettleie lærarar.
- Årleg arrangement for russekull med fokus på seksuelle overgrep, rus og helse med SMISO, politi og helsestasjon.

## 2.4 Helsestasjon for ungdom og studentar (HFU/HFS)

Helsestasjon for ungdom og studentar er eit supplement og ikkje ei erstatning for skulehelseteneste. Helsestasjon for ungdom og studentar skal gi råd, rettleiing, undersøking og behandling på ungdommane sine premissar og skal vere eit lågterskeltilbod med fokus på seksuell helse. Dei fleste konsultasjonane gjeld prevensjonsrettleiing og klamydiatesting. HFU/HFS er bemanna av lege og helsesøster.

Tilbodet blir på Øyra skule tysdagar og torsdagar kl.14.00 til 16.30. Tilbodet er gratis og krev inga timebestilling. Tilbodet gjeld for ungdommar opp til 25 år, og er eit samarbeid mellom Volda og Ørsta kommune, Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden. Tysdagar vil det vere bemanna med lege i tillegg til helsesøster. Torsdag blir det ei helsesøster frå Volda og helsesøster frå Ørsta. Samarbeid med studentrådgjevar ved samskipnaden og kommunepsykolog og lege vil framleis vere viktig.

### Utfordring

- Høg klamydiaforekomst blant ungdom i Noreg
- lite bruk av kondom
- høge aborttal i Noreg
- Å nå ut med informasjon på heimesida, og meir aktiv bruk av sosiale media.
- Rett og rask oppfølging av ungdom som tek kontakt for psykiske vanskar.
- Sårbar bemanningssituasjon.
- Finne gode samarbeidsrutiner og tiltakskjeder.
- Lite bruk av langtidsbrukande prevensjon blant ungdom.

### Tiltak

- Lett tilgjengelig prevensjon og testing på soi.
- Fagleg oppdatert personale. Opplæring av ekstra personale.
- Klare og definerte prosedyre ved ulike problemstillingar.
- Rett og nytt informasjonsmateriale.
- Lett tilgjengelig informasjon.
- Tilbod om P-stav ved HFU/HFS
- Rett kontakt med samarbeidspartar og klare tiltakskjeder
- Oppdatere Facebook-sider jamnleg med ny og oppdatert informasjon

## 2.5 Helseteneste til asylsøkjjarar og flyktningar

Tenesta skal sikre at alle asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjenforente får tilbod om informasjon, oppfølging og pålagde undersøkingar i tråd med: *"Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente (IS-1022)"*.

Helsesøster kallar inn til helsesamtale på helsestasjonen etter at melding er mottatt. Det vert bestilt tolk ved behov. Det vert gitt informasjon om helsestasjon, lege og tannlegetilbodet i Volda kommune.

Informasjonsbrosjyre utarbeidd ved helsestasjonen i Volda vert delt ut. Ved helsesamtalen vert bakgrunnsopplysningar og helsestatus gått igjennom, inkludert tuberkulose screening og henvisning til lege for smitteoppsporingsprøver. Alle får informasjon om oppfølging av psykisk helse, vald i nære relasjonar og forbod mot kjønnslemlesting i Noreg.

Barn får same tilbod som norske barn ved helsestasjonen.

Vaksinasjonsstatus vert kartlagt og ein vaksinasjonsplan vert sett opp i lag med føresette. Barna får generell helsesjekk med lege og henvist til offentleg tannhelseteneste.

Kommunane har ansvar for å sikre kvalitativt gode og likeverdige helsetjenester til asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjenforente. Vi erfarer at tett oppfølging og tilpassa veiledning er av stor nytte, men krev ekstra tid og ressursar. Bruk av tolk gjer konsultasjonane lenger. Helsesøstre tilbyr undervisning om ulike helsetema i samarbeid med Volda læringsssenter. Aktuelle tema er psykisk helse, seksuell helse, hygiene, vald i nære relasjonar, ernæring, fysisk aktivitet og generell helseinformasjon.

IMDI har ei ordning med tilskot som dekkjer ekstraordinære kommunale utgifter som følgje av busetting av flyktningar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne med meir. Helsestasjonen har særskilt oppfølging av flyktningar ved behov, noko av denne oppfølging blir dekt gjennom ekstratilskot.

Våren 2017 ferdigstilte helsestasjonen prosjektet: *Seksuell helse – fokus på prevensjon og familieplanlegging for personar med innvandrarbakgrunn i Volda*. Det vart utarbeidd ein PowerPointen som ligg tilgjengeleg på heimesida til Volda kommune og ei brosjyre «*Prevensjon og familieplanlegging*» på somalisk/norsk, tigrinia/norsk og arabisk/norsk.

Helsesøstre skal etter opplæring i 2018 nytte ICDP (International Child Development Programme) som er eit enkelt, helsefremmande og førebyggjande program. Programmet vil hjelpe foreldre med å fremme ei positiv utvikling hos barnet og førebygge psykiske vanskar gjennom å styrke foreldra i omsorgsrolla. Ein vil auke foreldra si bevisstheit for borna sine signal og behov, og gjere dei i stand til å møte desse behova.

Sidan 2009 har helsestasjonen hatt tilbod om Bra Mat kurs til ulike grupper av flyktningar og asylsøkjjarar og 2010 hatt tilbod om Mor-Barn gruppe med aktuelle helsefremjande tema.

Volda kommune har stor innvandring frå mange grupper. Helsestasjonen har godt etablerte helsefremmande og førebyggjande tiltak, men utfordringane er å oppretthalde tilboda i periodar med redusert bemanning.

#### Utfordring

- Fange opp alle nye og kartlegge smittsame sjukdomar og psykiske problem som krev oppfølging/behandling
- Tilby likeverdige helsetjenester med tilpassa informasjon
- Ha nok ressursar til å gjennomføre førebyggjande og helsefremmande tiltak som Mor Barn gruppe og Bra Mat kurs
- Etablere eit foreldreveiledningstilbod til dei med innvandrarbakgrunn
- Formidle helsefremmande og førebyggjande kunnskap

#### Tiltak

- Individuelle helsesamtalar med kartlegging av fysisk og psykisk helse.
- Gode rutiner for smitteoppsporing og henvisning til lege og spesialisthelseteneste .
- Lavterskeltilbod med individuelle samtalar og gruppeundervisning innan psykisk helse ved helsestasjonen.
- Gode rutinar for tverrfagleg samarbeid for å fange opp og tilrettelegge ved behov for særskilt oppfølging. Søkje om ekstra tilskot for å ha ressursar for helsefremmande tilrettelegging.
- Telefontolk og eigen tolketelefon som eit ekstra ledd i kommunikasjonsprosessen
- Vektlegging av helsefremmande og førebyggjande aktivitetar.
- Starte opp att Mor-Barn gruppe og Bra Mat kurs.
- Tilby ICDP foreldrerettleiing som eit fast gruppetilbod
- Tilby helseundervisning til ulike grupper ved Volda læringscenter.

## 2.6 Styrking av tenester ved helsestasjonen.

### 2.6.1 Kommunepsykolog

Helsemyndighetene rår til at førstelinja skal ha psykologfagleg kompetanse og det er no krav om at alle kommuner skal ha psykolog innan 2020.

Tilsette på helsestasjonen samarbeider med psykologen. Dette styrker kommunens heilheitlege arbeid innan psykisk helse, rus og på vald- og traumefeltet. Veiledning frå psykologen medfører i tillegg nødvendig kompetanseutvikling. Kommunepsykologen er eit lågterskel psykologtilbud til barn, ungdom og unge vaksne.

Kommunepsykologen sine arbeidsområder:

- Eit lågterskel samtale/behandlingstilbod til alle barn og unge mellom 0-23 år med lettare psykiske vanskar.
- Gi rettleiing til føresette, fagpersonar og/eller faginstansar
- Inngå i tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid innanfor psykisk helse- og rusarbeid.
- Delta i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet
- Delta i kriseomsorgsgruppe, ressursteam m.m.

#### Utfordring

- Nytte den psykologfaglege kompetansen best mogleg.
- Finne gode fora for tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid.
- Å bidra meir i det førebyggjande psykiske helsearbeidet.

#### Tiltak

- Vere lett tilgjengeleg og kome tidleg inn for born og unge med psykiske plager
- Rettleie og bidra til kompetanseutvikling for fagpersonar og faginstansar
- Utarbeide gode samarbeidsrutiner innanfor kommunens psykiske helsearbeid
- Få avklaring og mandat til å delta i eksisterande tverrfaglege og/eller tverrsektorielle fora. Evt bidra til å få etablert nye fora.
- Auka involvering og deltaking i førebyggjande psykisk helsearbeid.

## 2.6.2 Foreldrerettleiar

Helsestasjonen har tilsett foreldrerettleiar i 50% prosjektstilling fram til august 2018, for styrking og kompetanseheving i helsestasjonen sitt førebyggjande psykiske helsearbeid. Foreldrerettleiaren er eit lågterskel samtale/behandlingstilbod til barn og unge og deira familiar.

Tilsette ved helsestasjonen samarbeider med foreldrerettleiaren. Denne skal bidra til å styrke kommunen sitt heilheitlege arbeid innan psykisk helse, rus og på vald- og traumefeltet, samt bidra med kompetanseutvikling og rettleiing.

Foreldrerettleiaren sine arbeidsområder:

- Eit lågterskeltilbod til alle barn og unge mellom 0-23 år, og føresette med psykososiale vanskar.
- Gi hjelp og rettleiing til føresette og andre fagpersonar/faginstansar.
- Inngå i tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid innan psykisk helsearbeid.
- Delta i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet.

### Utfordring

- Kome tidleg inn ved psykososiale vanskar.
- Få på plass gode tverrfaglege og tverrsektorielle samarbeidfora.
- Førebels ei prosjektstilling – behov for politisk forankring og stabilitet

### Tiltak

- Tidleg inn i familiar med psykososiale utfordringar.
- Samarbeid med andre fagpersonar/instansar om gode rutiner for kartlegging/avdekking av psykososiale vanskar.
- Få avklare aktuelle fora for samarbeid- evt opprette nye
- At foreldrerettleiar vert fast stilling.

## **2.6.3 Ressursteam og minoritetshelseteam**

### **Ressursteam**

Ressursteamet er ei av kommunen sine satsingar på tidleg innsats overfor barn og unge med psykososiale vanskar. Ressursteamet er eit samarbeid mellom skule, barnehage, heim, PPT, barnevern, helsesøster og kommunepsykolog. Ressursteamet skal bidra til auka forståing gjennom tverrfagleg tilnærming, gje rettleiing til heim og barnehage/skule, vurdere tilvising til andre instansar og fordele ansvar for oppfølginga av barnet/eleven.

### **Minoritetshelseteam**

I tråd med Helsedirektoratet sine anbefalingar, har Volda kommune sidan februar 2016 hatt eit tverrfagleg mionoritetshelseteam for asylsøkjjarar, flyktningar og familiegjenforente. Tverrfaglig team for minoritetshelse skal arbeide med rutinar, prosedyrar for oppfølging av fysisk og psykisk helse, smittevernutfordringar, drøfte behov for oppfølging og iverksetjing av tiltak, derav førebyggjande lavterskeltiltak, og best mogleg utnytting av tildelte ressursar. Møtefrekvens er 4-6 gongar pr. år og teamet består av 2 frå helsestasjonen, 2 frå barnevern, 1 frå rus- og psykisk helsetjeneste og 1 frå legetenesta. Minoritetshelseteamet kan uttale seg til politikarar og administrasjon.

## **3.0 Offentleg helsearbeid**

### **3.1 Smittevern.**

Kommuna skal ifølge smittevernlova sørge for at alle som bur og midlertidig oppheld seg i kommuna er sikra nødvendig smittevernhjelp. Volda kommune har ein eigen smittevernplan. Det viktigaste førebyggjande smittevernarbeidet ved helsestasjonen er gjennomføring av barnevaksinasjonsprogrammet, samt kartleggingssamtalar, rutinekontrollar, miljøundersøkingar ved påvist smittsam sjukdom, vaksinerings og oppfølging av ulike målgrupper.

I tillegg har helsestasjonen saman med kommuneoverlegen ansvar for influensavaksinerings, HPV vaksinerings for kvinner i alderen 20-25 år, reisevaksinerings, tuberkuloseundersøking og smitteoppsporings. Helsestasjonen har saman med kommuneoverlegen høgt prioriterte oppgåver ved utbrot av smitte i h.t kommunen sin smittevernplan.

Det er mange nye som kjem til kommuna vårt kvart år. Det er ei utfordring er å ha oversikt over alle nye som bur og midlertidig oppheld seg her.



Smittevernarbeidet er lite synleg når det fungerer godt. Det er dermed utfordrande å få tildelt nok ressursar til å kunne jobbe systematisk nok i høve til dette arbeidet.

## Utfordringar

- Oppretthalde høg vaksinasjonsdekning i befolkninga i samsvar med nasjonalt vaksinasjonsprogram
- Skaffe oversikt over art og omfang av smittsame sjukdommar som førekjem i kommuna
- Førebygge spreieing av m.a. tuberkulose, hepatitt, SOS (seksuelt overførbare sjukdommar) og MRSA
- Nok ressursar til kartlegging, oppfølging og forebygging i høve til smittsame sjukdommar

## Tiltak

- Utifrå forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram utarbeide gode prosedyrer og beredskapsplanar.
- Ha vaksinasjonsprogram både for barnevaksiner, årleg influensa vaksine, HPV vaksine for unge jenter 20-25 år og vaksinasjon av flyktningar.
- Ha gode rutiner for å fange opp alle nye som kjem til kommunen, kartlegge og følgje opp ved smittsame sjukdommar.
- Samarbeid og informasjon til arbeidsgivar om rutiner der alle nytilsette fyller ut eigenerklæring i høve til MRSA og tuberkulose.
- Faste møter og gode samarbeidsrutiner med ass. smittevernlege og samarbeidspartar (EMA mottaket, programrådgivarar ved Volda læringscenter, Smiebakken bufellesskap)
- Tilsette må ha kunnskap om smittevernplan og vere delaktig ved smitte i nærmiljøet.
- Helsesøster og jordmor har varslingsplikt etter SMVL § 2-3 dersom dei oppdagar smitte
- Utføre miljøundersøkelse ved smitte i nærmiljøet
- Gi informasjon, opplysning og råd til befolkninga om vern mot smittsame sjukdommer

### 3.2 Miljøretta helsevern

Kommunestyret har delegert ansvaret for konkrete oppgåver innanfor miljøretta helsevern til kommuneoverlegen.

Kommuneoverlegen nyttar helsesøster som samarbeidspart i arbeidet med miljøretta helsevern, t.d systemrevisjon i barnehagar og skular.

Grunnlaget for arbeidet med miljøretta helsevern på helsestasjonen er m.a «Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar». For å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø for barn og unge i barnehagar og skular

i Volda kommune, ser vi at det er nødvendig med eit tverretatleg samarbeid i kommunen.

Volda kommune har i dag ikkje ein godkjent plan for gjennomføring av og oppfølging etter systemrevisjon. Kommuneoverlegen må ved behov nytte seg av andre fagpersonar i kommunen dersom utfordringar i.h.t forskrift oppstår. Helsestasjonen er ein viktig ressurs i dette arbeidet.

Det er definert ei tverretatleg gruppe som skal ha samarbeid rundt miljøretta helsevern. Denne har ikkje kome i gang.

## Utfordringar

- Tverretatleg gruppe for miljøretta helsevern er ikkje kome i gang.
- Plan og prosedyrer for miljøretta helsevern i skular og barnehagar er ikkje oppdatert.
- For liten kartlegging av eventuelle avvik og manglar i barnehagar /skular.
- Ikkje alle barnehagar og skular er godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern.
- For lite ressursar på helsestasjonen til opplæring, gjennomføring og etterarbeid av systemrevisjon.

## Tiltak

- Kome i gang med tverretatleg gruppe for miljøretta helsevern.
- Oppdatere plan og prosedyrer for miljøretta helsevern i skular og barnehagar.
- Etablere eit godt samarbeid med barnehagane og skulane rundt miljøretta helsevern for kartlegging av eventuelle avvik og manglar i barnehagar/skular.
- Intensivere arbeidet med systemrevisjon for å få godkjenning av alle barnehagar og skular i Volda etter forskrift om miljøretta helsevern.
- Helsesøstrene får naudvendigtid og kunnskap om miljøretta helsevern og gjeldande plan og prosedyrer.

### 3.3 Reisevaksiner

Helsestasjonen tilbyr vaksinasjon og rettleiing i samband med utanlandsreise med utgangspunkt i råd frå Folkehelseinstituttet (FHI). Helsestasjonen har i dag 30% helsesøsterstilling avsett til reisevaksiner, sjølv om dette ikkje er ei lovpålagd oppgåve for

kommunen. Helsestasjonen bestiller inn reisevaksiner og bør til ei kvar tid ha eit lager med ulike vaksiner. Desse skal lagrast i tp mellom +2-+8C.

Risiko for sjukdom ved utanlandsreise er avhengig av t.d eiga helse, reisemål/-innhald, opphaldstid og butilhøve. Vaksinatør skal kartlegge nødvendig helsetilstand og gi individuelt tilbod om vaksiner utifrå risikofaktorane. Vaksinatør skal og gi informasjon om kva den reisande sjølv kan gjere for å forhindre smitte.

Oppdatert prisliste skal vere tilgjengeleg på Volda kommune si heimeside, i tillegg til på helsestasjonen.

### Utfordring

- Kunne dekke behovet for vaksiner til dei som bur og oppheld seg i kommunen, samt til ei kvar tid ha aktuelle vaksiner på lager
- Kommunen har mange studentar som reiser mykje både i studentutveksling og fritid.
- Å få dei reisande til å bestille i god tid, helst 6 veker før reise.
- At vaksinatør er oppdatert på ny informasjon frå FHI

### Tiltak

- Oppretthalde gode rutinar for vaksinebestilling og ha ein person som er ansvarleg for vaksinebestillingar.
- Samarbeide med høgskulen i Volda når dei planlegg å sende større grupper på studiereiser eller i praksis
- Oppdatere informasjon på heimesida til Volda kommune om reisevaksiner.
- Helsesøstre opprettheld nødvendig kompetanse gjennom kurs og FHI si heimeside og i tillegg ha tett samarbeid med helsestasjonslege/fastlege

## 4. FAG- OG KOMPETANSEUTVIKLING

Riktig og god kompetanse sikrer kvalitet i tenesten, effektiv bruk av ressursar og eit godt omdøme.

Det er viktig at leiing i sektor og kommune har fokus på systematisk kompetanseutvikling. For å utvikle dei tilsette og verksemda sin kompetanse må det til ei kvar tid vere bevisst tenking og handling kring tiltak som hever kompetansen.

Volda kommune bruker professor Linda Lai sin 10 faktor og mestringsorientert leiing i sitt arbeid. Det vert gjennomført medarbeidarundersøking på dei 10 faktorane som grunnlag for vidare arbeid på eigen arbeidsplass. Kunnskap om faktorane gir grunnlag for

både leiar- og medarbeidarutvikling basert på forskning som viser kva som verker.

Helsestasjonen har høgt utdanna personell som stiller krav til at kompetansetiltak skal vere fagleg solide og gjerne organisert i eksterne kurs. Det er også ønskje om formell vidareutdanning med høve til kompetanseheving som gir formell kompetanse.

Det er også eit behov for kompetansetiltak på tvers av sektorar eller einingar som vil betre samhandlingskompetansen.

Det er krav om å halde seg orientert om nasjonale føringar, noko som må inn i årlege kompetanseplanar. Kunnskap må delast gjennom internundervisning og rettleiing. Det er viktig med eit støttande miljø som også gir rom og tid til fagleg oppdatering.

Å satse på kompetanseutvikling vil føre til utvikling og innovasjon i arbeidet som igjen vil betre kvalitet og ressursutnytting. Det er viktig å ha ein delingskultur, men også felles kompetansetiltak for ikkje å skal vere sårbare når ny kunnskap skal implementerast.

Vurdering av kompetansetiltak og utarbeiding av kompetanseplan må i stor grad inngå i medarbeidarsamtalar og utarbeidast i fellesskap på arbeidsplassen. Kompetanseplanar kan også innehalde delplanar.

Fokusområder er psykisk helse frå svangerskap, gjennom barnealder til vaksen. Tilsette må ha kunnskap om program på ulike alderstrinn. For at alle barn skal ha det bra er det også viktig å sjå heile familien, familieperspektivet, og at kommunen kan gje tilbod om foreldrerettleiing gjennom ulike program. Tilsette frå ulike faggrupper må få den naudsynte opplæring for å betre samhandlinga.

Utfordring

- Halde seg fagleg oppdatert på ny kunnskap og planar
- Utvikle samhandlingskompetanse
- Sikre kvalitet i tenesten

Tiltak

- Kompetanseplan med operative delplanar
- Legge til rette for kompetanseutvikling og fagleg oppdatering
- Medarbeidarsamtalar

## 5. Oversikt over aktuelle lover, forskrifter og rundskriv

Dokumentene som er listet opp i dette kapittelet er å finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Helsestasjonen viser i tillegg til aktuelle lover, forskrifter og veiledere i egne prosedyrer i Compilo: <http://login.klos.no/volda>

### Lover

**Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm.**(helse- og omsorgstjenesteloven) [2011.06.24 nr 030](#)

**Lov om folkehelsearbeid** (folkehelseloven) [2011.06.24 nr 029](#)

**Lov om pasient- og brukerrettigheter** (pasient- og brukerrettighetsloven) [1999.07.02 nr 063](#)

**Lov om vern mot smittsomme sykdommer**, 5.august 1994 nr. 55 [LOV-1994-08-05-55](#)

**Lov om forbud mot kjønnglemløstelse**, 15.desember 1995 nr. 74 [LOV-1995-12-15-74](#)

**Lov om endringer i pasient- og brukerrettighetsloven** mv. (styrking av pasienters, brukeres og pårørendes stilling m.m.) [2013.06.07 nr 029](#)

**Lov om helsepersonell** [LOV-2012-06-22-47](#)

### Forskrifter

Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, 3.april 2003 nr. 450 [FOR-2003-04-03-450](#)

Forskrift om pasientjournal, 21.desember 2000 nr. 1385 [FOR-2000-12-21-1385](#)

Forskrift om SYSVAK – registerforskriften, 20.juni 2003 nr. 739 [FOR-2003-06-20-739](#)

Forskrift om individuell plan etter helselovgivningen og sosialtjenesteloven, 23. desember 2004 nr. 1837 [Norsk Lovtidend FOR-2004-12-23-1837](#)

Forskrift om tuberkulosekontroll, 21. juni 2002 nr. 567 [FOR-2009-02-13-205](#)

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., desember 1995 nr. 928 [FOR-1995-12-01-928](#)

Forskrift om miljøretta helsevern av 25. 04.2003 [FOR-2013-01-17-61](#)

### Veiledere, faglige retningslinjer og nasjonale anbefalinger

**IS- 1179** Nasjonal faglig retningslinje for svangerskapsomsorgen (ny kjem i 2018)

Nasjonale faglige retningslinjer for barselomsorgen. Nytt liv og trygg barseltid for familien

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/nasjonale-faglige-retningslinjer-for-barselomsorgen-nytt-liv-og-trygg-barseltid-for-familien>

Nasjonale retningslinjer for gravide i legemiddelasistert rehabilitering (LAR) og oppfølging av familiene frem til barnet når skolealder

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/nasjonal-retningslinje-for-gravide-i-legemiddelassistert-rehabilitering-lar-og-oppfolging-av-familiene-frem-til-barnet-nar-skolealder>

Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom

<https://helsedirektoratet.no/Retningslinjer/Helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf>

**IS-1104** Veileder om miljørettet helsevern

**IS-2619** Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. 3 98

**IS-2700** Veiledning i journalføring i helsestasjons- og skolehelsetjenesten,

**IS - 1253** Veileder for individuell plan

**IK-2659** Veileder tenner for livet – helsefremmende og forebyggende arbeid, 1-1999

**IS-1074** Veileder helsetjeneste til asylsøkere og flyktninger, 2003.

**IS -1022** frå Helsedirektoratet

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/asylsokere-flyktninger-og-familiegjenforente>

**IK-2701** Veileder for helsepersonell i Norge om kvinnelig omskjæring, 5/2000

**IS-1060** Seksuelle overgrep mot barn. En veileder for hjelpeapparatet, 2003

**IS-1019** Anbefalinger for spedbarnernæring. Til helsepersonell, Sosial- og helsedirektoratet.

**IS-1047** Mat for spedbarn. Til foreldre, Sosial- og helsedirektoratet.1997 2002

**Q- 1025B** Tiltak mot tvangsekteskap – veileder for offentlig ansatte. 2001

### **Kommunale planar**

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Smittevernplan

Pandemiplan

Kvalitetsplan for opplæring og oppvekst



# VOLDA KOMMUNE

## Volda ungdomsskule

### Til medlemene i Samarbeidsutvalet

Morten B. Ottesen, leiar FAU, vara Even Haavik, Elin Høydal Vatne, nestleiar FAU, vara Åsrún Eli Håvik  
Siri Skaland, repr. for lærarane  
Bintou S.C. Bjørkedal, leiar elevråd  
Ivar Vatne, nestleiar elevråd  
Inghild Remøy, repr. for kommunen  
Inger-Anne Kvamme, rektor, sekretær

### Referat frå møte i SU

**torsdag 1. februar kl. 19.00 på musikkrommet på Volda ungdomsskule**

#### SAKLISTE:

#### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

#### 2. Informasjonssaker

- Status ombygging/renovering VUS: Siri Birkeland Solheim, prosjektleiar eigedom, var invitert for å informere om status. Ho seier at saka har vore oppe i formannskapet og at den var oppe i kommunestyret 25.01. I kommunestyret vart det bestemt at saka skulle utsetjast til 1.03 grunna feil i utsendinga av sakene til møtet der denne saka ikkje var med. Saka vart ettersendt politikarane, men dei ønskte meir tid til å førebu seg før behandling av saka. Det har vore mest spørsmål rundt kor mange elevar skulen skal dimensjonast for og skulestrukturdebatten har no blitt kopla inn mot denne saka. Rektor takka Siri Birkeland Solheim for informasjon og opna opp for spørsmål/innlegg frå FAU. Mange meinte det var uheldig at skulestrukturdebatten har vorte trekt inn i denne saka og fryktar for at dette kan trekke ut i tid. Det hastar med å få ferdig ein ny/renovert skule, sentrum har venta lenge nok!! Det vart også peika på at elevtalet frå dei andre ungdomsskulane er så lågt at det ikkje har noko å seie for kor mange elevar skulen skal dimensjonast for. Det synd viss kommunestyret legg seg på eit lågt ambisjonsnivå med ein kostnad på 60-80 mill. eller 80-100 mill. Dalsfjord skule si utbygging låg vel på 68 mill. og Øyra skule på over 200 mill, og FAU meiner kommunestyret bør ha eit stort ambisjonsnivå også for Volda ungdomsskule. Det er viktig at FAU tek kontakt med politikarar slik at vi får fram det store behovet vi har for ein ny/renovert Volda ungdomsskule, og det snarast mogeleg. Rektor vart oppfordra til å be elevar skrive ei sak i media, det viktig med elevperspektivet, ingen skule utan elevar!
- 10-faktor: Rektor informerte om ei kommunal medarbeidarundersøking utarbeidd av KS og gjennomført våren 2017. Denne undersøkinga er eit utviklingsverktøy som ein del av ei kommunal leiarutvikling og den byggjer på nasjonal og internasjonal forskning om kva som er viktige faktorar for å oppnå gode resultat og kvalitet i tenesta. Det skal også gjennomførast ein ny medarbeidarundersøking i løpet av 2018-19.

- Satsingsområde: Kompetanseheving digital læring i regi av HVO for lærarar/skuleleiarar og innkjøp av Chromebooks til elevar.  
Konklusjonar frå erfaringsdeling frå IKT-nettverk i Voldaskulen: Med google blir materiell meir tilgjengeleg for både elevar og tilsette. Rektor kan og lett følge med. Erfaringsdelinga er viktig. Læring og utvikling, det vi gjer på blir meir "vårt». Spannande verkty, moglegheiter vi enno ikkje ser. Digital læring matchar VFL perfekt. Motiverande. mindre papir. Samarbeid vert effektivisert, betre infoflyt. td. ei nettside for tilsette. Kan gi rask respons til elevar. Gruppa med lærarar som har digital kompetanse er rollemodellar, hjelperar for sine kollegaer. Utfordrande å ha mange moglegheiter. Halde styr på at info vert gitt på rett stad. Info i skya på server.
- Arbeid med læringsmiljø/klasse- og skulemiljøarbeid: Rektor viste til ei oversikt over miljøarbeidet ved Volda ungdomsskule, m.a. miljøveka, Bli-kjent kveld, juleball, MGP, miljøtenestepan, arbeid med psykisk helse, samarbeidsmøte med helsesøster og kommunepsykolog og dagleg (systematisk og kontinuerleg) klasse- og skulemiljøarbeid.
- Tur-og ekskursjonsplan: Dette skuleåret har tur- og ekskursjonsplanen vore under revidering og både plangruppe, tillitsvald og årsstega har kome med innspel. Målet er at den ferdig reviderte planen med kostnadsoversikt skal gjelde f.o.m. skuleåret 2018-19. Rektor viste til kostnadsoversikta der Volda ungdomsskule får tildelt midlar på kr.206 pr.elev som for 12 klasser (2018-19) og 289 elevar har ei ramme på kr.59 534. Nokre turar i planen kostar ikkje skulen noko, medan turane i kostnadsoversikta tilsaman har ein kostnad på kr.55 226. Det har dei siste åra vore diskutert om det er mogeleg å arrangere ein 10.klassetur hausten i 10.klasse. Det vart vist til at fleire skular har turar med Fredreiser til Polen, noko som sjølvstakt krev ein stor innsats av føresette og elevar og som er urealistisk å gjennomføre for 4 klasser kvart år på ein så stor skule som Volda ungdomsskule. Rune Bernås som har lang erfaring med turar for KFUM-Volda sine volleyball-lag sa seg villig til å utarbeide eit forslag til ein tur til Oslo med to overnattingar. Rektor tek dette vidare med lærarane, leiargruppa og tillitsvald. Rektor orienterte også om at klubben og tillitsvald ved skulen arbeider med eit brev til ordførar der dei ber om ei kommunal støtte til ein ev. hausttur til hovudstaden for 10.klassene. Det er også mogeleg å søkje støtte frå Stortinget, men usikkert om ein får det kvart år. For rektor er det viktig at dette blir ein tur som har ei realistisk kostnadsramme og som elevar/føresette ønskjer å bruke tid på i høve innsamling m.m. og at det ligg i skulen sin plan og at alle 10.klassene får reise kvar haust. Det skal vere i tråd med gratisprinsippet, § 2-15 i opplæringslova.

Volda, 2.02.18

Inger-Anne Kvamme  
sekretær





## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Håvard Strand

Arkivsak nr.: 2016/1929

Arkivkode: B06

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
9/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	14.02.2018
	Formannskapet	27.02.2018
	Kommunestyret	01.03.2018

### UTVIDING AV SKULEVEKA FOR 1.-4. TRINN VED DALSFJORD SKULE

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
- 2. SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
- 3. Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

#### Vedleggsliste:

Høyringsbrev, dagsett 26.09.2017

Høyringsvar, SU ved Dalsfjord skule

Høyringsssvar Runhild Hånes Aksnes og Jan – Øystein Aksnes

Høyringsssvar June – K Klingberg

Høyringsssvar, Utdanningsforbundet Volda ved Dalsfjord skule

Høyringsssvar, FAU ved Dalsfjord skule

#### Uprenta saksvedlegg:

Opplæringslova

Protokoll, kommunestyremøte 14.12.17 – sak 139/17 (Betalingssatsar, SFO)

#### Samandrag av saka:

Sak om utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule har bakgrunn i O-sak 33/16 i det dåverande Driftstyret, då følgande ordlyd vart vedteke: «Driftstyret ber administrasjonen om å utrede muligheita for å utvide skuleveka til 5 dagar for elevane i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule».

Saka kom til Driftstyret etter eit vedtak i SU, der det var sett fram ønskje om 5 dagar skule for alle elevane frå hausten 2017.

Sakshandsamar fekk ansvar for saka hausten 2017, og det vart sendt ut høyring med frist for innspel 26.10.17.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Kommunen har fridom etter opplæringslova når det gjeld korleis ein vil organisere skuledrifta i kommunen. Ein kan og velje ulik organisering frå skule til skule. Opplæringslova gir og tydelege føringar for retten til skuleskyss, der fylkeskommunen etter lova er ansvarleg for organisering av denne.

Historisk har det vore grunna billigast mogleg skyss at bygdeskulane har organisert skuleveka slik at dei yngste elevane har ein fridag, medan dei dagane dei har gått på skule har vorte lengre enn om ein samanliknar med skulane i sentrum. Då det kom eit initiativ frå SU ved Dalsfjord skule, var det grunngjeve med at foreldre/føresette no ofte er i fullt arbeid begge to, noko som vert vanskeleg med ein fridag for elevane i veka.

I denne skulekrinsen er det og som kjent ein privatskule (Ulvestad barneskule). Denne har organisert drifta si med skuleveke der det er skule alle dagar for alle trinna.

I høyringsbrevet vart det skissert tre ulike alternativ ein vart beden om å uttale seg om. Desse alternativa var:

- 1) 0-alternativet. Ein held fram med same organisering som i dag.
- 2) Alle går på skule kvar dag. Ulike sluttider for elevane, noko som utløyser ekstra skuleskyss tre dagar i veka.
- 3) Alle går på skule kvar dag. Ulike sluttider for elevane, men lik skuleskyss for alle. Skulen vil då organisere aktivitetar i «ventetida» for bussen. Dette alternativet er avhengig av frivillig aksept frå alle foreldre/føresette.

I den vidare saksutgreiinga vil ein kort gi eit samandrag av høyringssvara, med administrasjonen sine kommentarar der ein vurderer det naudsynt. Ein viser elles til økonomiske konsekvensar under eige punkt i saksutgreiinga.

Høyringssvara er elles vedlagt saka i heilskap.

**SU ved Dalsfjord skule:** Ønskjer alternativ 2 i høyringsbrevet, tek elles høyringsbrevet til vitende.

**Runhild Hånes Aksnes og Jan-Øystein Aksnes:** Ønskjer nullalternativet, med alternativ 3 som eit andreval. Meiner at ein fridag i veka er eit godt avbrekk i kvardagen. Meiner at ein heller bør kunne tilby SFO på fridagane til dei foreldra som treng det. Er kritisk til alternativ 2, då dette vil tvinge fleire til å betale for SFO.

*Kommentar frå administrasjonen:* Alternativ 2 vil truleg føre til at fleire vel SFO. For skule og administrasjon er det positivt at SFO blir styrka, og det gjer og tilbodet meir føreseieleg. SFO er lovpålagd å ha i ein kommune, men det er ingen plikt for kommunen å ha SFO ved

kvar skule. Administrasjonen vurderer dette tiltaket som ei betydeleg styrking av SFO-tilbodet, der brukarbetalinga er regulert i kommunestyrevedtaket datert 14.12.17.

**June-K Klingberg:** Peikar på alternativ 3 som det meste aktuelle, men og at alternativ 2 er ok. Meiner at tida for femdagars skuleveke er komen, m.a for at det skal vere attraktivt for unge foreldre å velje Dalsfjord. Ho nemner og dette med kulturskuletilbod i ei bussvent-tid.

**Utdanningsforbundet Volda ved Dalsfjord skule:** Meiner dagens ordning er ei belastning særleg for dei yngste elevane – dagane vert lange og det er lite å gå på. Klubben hadde røysting, der dei samla seg om at alternativ 2 var det beste. Dei føreset samstundes at SFO-ressursen ved skulen vert utvida.

*Kommentar frå administrasjonen:* Viser til kommentar over, om at SFO-tilbodet vil verte utvida.

**FAU ved Dalsfjord skule:** Føreset at SFO-tilbodet vert utvida i tråd med alternativa, og forventar at prisen på ein 100% SFO-plass ikkje aukar pga lengre opningstider. FAU landar elles på alternativ 3 som det beste, og ønskjer kulturskuletilbod i bussventetida.

*Kommentar frå administrasjonen:* SFO-tilbodet vil verte utvida, slik at det stettar behova etter ny organisering. Kulturskuletilbod er teke opp med rektor for kulturskulen som vil arbeide for best moglege løysingar. Prisen på SFO vart fastsett av kommunestyret i sak 139/17, og vil vere gjeldande også for SFO ved Dalsfjord skule. Prisen som er vedteke er 2122,- for 16 timar SFO. Vedtaket vi viser til, seier vidare at avvikande timar i SFO vert utrekna i høve til pris for 16 timar. Dette betyr i praksis at dersom ein nyttar seg av tilbodet utover 16 timar, vert kostnaden over dette ca 130,- pr time. Som tidlegare kan ein ved Dalsfjord skule velje fleksible løysingar når det gjeld kor mykje SFO ein kan bestille. Det vert framleis lagt opp til at opningstidene ved SFO følgjer skuleruta, og at ein difor betalar for 10 månader SFO. Til samanlikning betalar dei som nyttar SFO ved sentrumsskulane 11 månader.

Dei fleste høyringssvara gir altså eit positivt svar om ei ny organisering. Når det gjeld alternativa sprikar det noko kva ein meiner er det beste. Administrasjonen har vurdert alle alternativa etter høyringsrunden, og vurderer alternativ 2 som det beste. Ein vurderer at dette er eit meir stabilt og varig alternativ enn alternativ 3, då det siste alternativet føreset at alle foreldre/føresette sluttar seg til det til einkvar tid. Ingen kan pålegge dei føresette å slutte seg til det, og ein er kvart år avhengig av at dei føresette frivillig gjer det – utan noko form for press.

Alternativ 2 føreset såkalla «midtskyss» tre dagar i veka. Midtskyss er ein skyss som kommunen må ta kostnadene ved. Lova om skyss er utforma slik at ein kan ha ulik sluttid for 1.-7. trinn og 8.-10. trinn utan at dette gir auka skysskostnader for kommunen. Ekstra kostnad vert utløyst først dersom ein har ulik sluttid f.eks for 1.-4. klasse og 5.-7. klasse. Dette blir tilfelle i denne saka tre dagar i veka dersom vi vel alternativ 2.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det er to kostnader som aukar ved å velje alternativ 2: skyss og auka personalkostnad. Samtidig er det ei mogleg inntektsside ved at fleire vil velje SFO-plass. Inntektssida er usikker, medan utgiftssidene er føreseielege. Vi må difor gjere eit estimat på kva vi kan forvente av nye inntekter. Dersom til dømes tre nye barn vel SFO, vil dette bety ei auke i foreldrebetalingane på i overkant av 60 000 pr år. Noko av dette vil gå til ekstra kostnader til mat, materiell mm, elles vil nye deltakarar på SFO representere ein reell inntektsvekst.

Retningslinjene for tal barn pr tilsett i SFO seier 12-15 barn. Utifrå det vi veit om noverande og komande elevtal i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule dei nærmaste åra vil det ikkje verte utløyst ekstra tilsette ved SFO.

Den auka skysskostnaden vil verte 113 000 + mva, medan auka ressurs til utvida SFO vil vere om lag 110 000 pr år. Ny SFO får ei total opningstid på 27,5 timar kvar veke. Dette er heilårseffekt, slik at for budsjettåret 2018 er det 5/12 av dette, noko som utgjer ca 93 000,- . Tiltaket vert å innarbeide i budsjett for dei komande åra.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering og konklusjon:**

Det vert vurdert som ei betre pedagogisk og fagleg organisering at alle elevane går på skule kvar dag. Det gjer det og enklare å nytte personalressurs meir fleksibelt når ein fordelar på ein vekedag ekstra. Tilbakemeldingane gjennom høyringa viser og at dette for dei fleste er ei ønska retning.

Oppvekstsjef og rådmann si vurdering er at tiltaket kan og bør gjennomførast, men føreset at Dalsfjord skule sjølv finn dekning for tiltaket, i dialog med opplæring og oppvekst.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Dalsfjord skule  
Opplæring og oppvekst  
Dalsfjord skule, FAU  
Dalsfjord skule, SU

**Klageinstans:**



# VOLDA KOMMUNE

## Opplæring og oppvekst

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1929	12166/2017	B06	OPP/ HAVSTR	26.09.2017

### HØYRING - SAK OM UTVIDING AV SKULEVEKA FOR 1.-4. TRINN VED DALSFJORD SKULE

#### Bakgrunn

I O-sak 33/16 i Driftsstyret vart det fatta følgande vedtak:

*Driftstyret ber administrasjonen om å utrede muligheita for å utvide skuleveka til 5 dagar for elevane i 1.-4. klasse ved Dalsfjord skule*

Dette vedtaket vart gjort på bakgrunn av initiativ frå SU ved Dalsfjord skule, som i møte 15.11.16 gjorde følgande vedtak:

*SU/SMU ved Dalsfjord skule ynskjer 5 dagar skule for alle elevane frå hausten 2017. For å få til dette må ein utvide SFO tilbodet. SFO tilbodet må aukast frå ei 60 % stilling til ei ca. 82% stilling. Kostnaden her vil ikkje vere så stor i forhold til alle fordelane ein vil få med utviding frå 4 dagar skuleveke til 5 dagar skuleveke. Vi håpar at Volda kommune meiner det er viktig at vi arbeider for ein felles struktur for organisering av skuleveka for alle elevane i kommunen.*

#### Begrunningar/drøftingar/oppsummeringar

Når spørsmålet om 5-dagars veke for alle elevane no er aktualisert, er det fleire argument som er løfta fram.

Frå pedagogisk hald vert det argumentert med at det vert lettare å organisere opplæringstilbodet med full veke. Vidare seier dei tilsette at dei yngste elevane vert slitne på slutten av lange dagar, og at ein difor ikkje får godt nok utbytte av all undervisninga.

Frå nokre foreldre argumenterer ein at kvardagskabalane må gå opp, og dette er vanskeleg når ein har ein dag fri kvar veke. Det har etter kvart vorte vanleg at begge foreldra er i full jobb, noko og skuleorganiseringa må ta høgde for. Vidare vert det peika på at den ordninga vi har i dag, kan vere til hinder for likestilling all den tid erfaring viser at der er kvinna som oftast reduserer arbeidsstillingane sine når familiane må det.

Frå andre foreldre vert det ytra at ordninga i dag er god, og at dei set pris på å kunne ha ein fridag saman med ungane sine.

---

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon:

Telefaks:

www.volda.kommune.no  
Org. nr: Bankgiro:  
939 760 946

Volda kommune har etter dette initiativet gjort eit administrativt, førebuande arbeid der vi har sett på ulike modellar for korleis vi kan organisere skuledagen slik at alle elevane får 5-dagars skuleveke.

### Historikk

Dalsfjord skule har lenge organisert seg slik at 1.-4. klasse har hatt fri onsdagane. Dette har sjølvsagt medført lengre skuledagar dei andre dagane, og elevane har samla sett fått det timetalet dei skal ha. Ein har og historisk hatt organiseringar der også 5.-7. klasse har hatt fri på utvalde onsdagar, for å få rett timetal samla sett.

Motivasjonen for denne organiseringa har vore å få ned skyssutgiftene. Iflg opplæringslova § 13-4 og §7.1 er det Fylkeskommunen som saman med kommunen skal samarbeide om skyssordninga, og der det er 1.-10 skule kan ein sjå barneskulen (1-7) og ungdomssteget (8-10) kvar for seg. Det betyr at kommunen kan organisere skulekvardagen slik at 1-7. og 8.-10 sluttar til ulike tider utan at dette utløyser ekstra kostnad for kommunen. Dersom kommunen vel ei organisering der ein innan barnesteget får ulike sluttider, vert det utløyst ekstra utgifter til skuleskyss som kommunen sjølv må dekke. Ein har då tradisjonelt valt å organisere skuledagen slik at alle sluttar likt, noko som fører til at kommunen gjennom dette har fått lågare skysskostnader.

Dei seinare åra har ein fått endring i skulen som gjeld m.a timetal, slik at spørsmålet om fri ein dag i veka no berre gjeld 1.-3. trinn (4. klasse har fri annankvar onsdag). Elevane frå 5. klasse og oppover går no på skule kvar dag.

### Alternativ for denne høringa

Administrasjonen vil legge fram sak for TOK (Tenesteutvalet for Oppvekst og Kultur), og ber difor om uttale frå alle aktuelle rådsorgan. Høyringsuttale vert teke imot og handsama administrativt (kommentert), før dei vert lagt ved saka til TOK.

Handsaming i TOK er planlagt til utvalsmøtet 15. november kl 14.00.

#### 1) Nullalternativet.

Skuledagen ved Dalsfjord skule held fram som før, utan endring. Dette er synt i tabellen under.

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse
Måndag	8.45-14.15	8.45-14.15**	8.45-14.15
Tysdag	8.45-14.15	8.45-14.15**	8.45-14.15
Onsdag	Fri *	8.45-14.15**	8.45-14.15
Torsdag	8.45-14.15	8.45-14.15**	8.45-14.15
Fredag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15

\*4. klasse har fri annankvar onsdag.

\*\* 5.-7. klasse har dei to siste skulåra vore organisert med 2 timar leksetid pr veke. Desse har vore fordelt på ulike dagar (måndag-torsdag).

- 2) Alle går på skule kvar dag. Det vert organisert ekstra skuleskyss tysdag, onsdag og torsdag.

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse
Måndag	8.45-13.20	8.45-13.20	8.45-14.15
Tysdag	8.45-13.20	8.45-14.15	8.45-14.15
Onsdag	8.45-13.20	8.45-14.15	8.45-14.15
Torsdag	8.45-13.20	8.45-14.15	8.45-14.15
Fredag	8.45-13.20	8.45-13.20	8.45-14.15

- 3) Alle går på skule kvar dag. Dei har ulike sluttider, men i «ventetida» på skuleskyss blir det av skulen organisert til dømes leksetid/fysisk aktivitet.

	1.-4. klasse	5.-7. klasse	8.-10. klasse
Måndag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15
Tysdag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15
Onsdag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15
Torsdag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15
Fredag	8.45-14.15	8.45-14.15	8.45-14.15

\*Ei slik løysing føreset at alle foreldra aksepterer at deira barn må vente på skuleskyss, og at kommunen i ventetida legg til rette for t.d leksehjelp/fysisk aktivitet. Det må understrekast at ein ikkje kan krevje slik aksept frå foreldra/føresette.

\*Denne løysinga utløyer ikkje ekstra kostnader til skuleskyss, men i staden må ein pårekne auka ressursar knytt til tilsette. Saksutgreiinga etter denne høyringa vil seie meir eksakt om dette.

Høyringsuttale vert å sende til  
Volda kommune  
v/ opplæring og oppvekst  
Stormyra 2  
6100 Volda  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

*Merk uttalen: «Høyring – sak om utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule»*

**Høyringsfrist: 26. oktober 2017**

Med helsing

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

Håvard Strand  
fagkonsulent skule

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*







**VOLDA KOMMUNE**  
**Dalsfjordskule**

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 16/1929	Art: Opp
Løpenr:	Havstr
17 OKT 2017	
Arkivdel: Fenne 2	
Klassering P:	
Klassering S:	

REFERAT

Dato: 16.10.17

MØTE: Su/skulemiljøutval

Møtedato: 05.10.17	Møtetid: 19.00-20.00	Stad: Møterom, Dalsfjord skule
Møteleiar: Eles Lill Riise		Referent: Else Lill Riise
Til stades: Ann- Elin Overvoll Lillebø, Inger Johanne Johnsen, Trygve Espeland, Rune Brudevoll, Else Lill Riise		Fråvær: Kjell Petter Wiik

SAKLISTE

**Sak 01.17 – Rektor informerte om oppgåver knytt til SU/SMU. Rektor delte ut infomapper til SU/SMU medlemne.**

**Sak 02.17** Konstituering av Su/Smu: Ann-Elin Overvoll Lillebø vart vald som leiar og Inger Johanne Johnsen var vald til nestleiar for skuleåret 2017-18, rektor er referent, Trygve Espeland er representant frå lærarane- Elisabeth Trandal vara, Rune Brudevoll er representant for andre tilsette- Bodil Stubbmo vara, kommunal representant Kjell Petter Wiik- Ingvild Remøy vara. Representantar frå elevrådet i saker som omhandlar elevane på skulen er: Simen Dalebø Kristensen og Vemund Mårstøl.

**Sak 03.17 – Endring av skuleveke for Dalsfjord skule frå 4 dagars veke, til 5 dagars veke for alle elevane 1.-10. trinn.** Rektor la fram høyringsbrev i saka, og Su/SMU ynskjer alternativ to i høyringsbrevet. Elles tek ein høyringsbrevet til vitande slik det står.

**Sak 04.17 Ymse – Vi vart einige om eit nytt møte på nyåret- tysdag 16.01.17.**

Ref. Else

## Høyring - sak om utviding av skuleveka for 1.-4.trinn ved Dalsfjord skule

Vi er ei familie på 6 personar som bur på Aksnes i Dalsfjorden. Mor og far er bønder og har begge jobbar utanom gardane vi driv (språklærar/seljar, kyrkjelydspedagog). Borna er 3, 7, 9 og 11 år. Vi ynskjer nullalternativ. Skuledagen held fram som før. Vi set veldig høgt eit avbrekk frå skuledagane med å ha fri ein dag midt i veka. Det gjev familien meir rom for familietid, småturar i nærmiljøet, ein morgon utan stress, tid til å lage mat saman, rydde hus saman, få gjort lekser i ro og mak, tannlege/doktortimar ol. Dette er tid som gjev foreldra ansvaret for borna sine og kan bruke tid saman med dei medan dei er små. Når dei vert større (4.-5.klasse og oppover) er behova annleis og struktur, vener og kontinuitet i skuledagane vert viktigare.

For dei foreldra som ikkje har moglegheit til å ha fri/barnepass onsdagane, bør ein heller kome med tilbod om SFO på frionsdagar. Dette for å gje dei familiane som er avhengige av 2 fulle jobbar valfridom til å kunne velje det.

Vår eldste gut har no to år gått kvar dag på skule, han har hatt leksetid på skulen to dagar i veka. Det betyr at han har gjort unna mykje av leksene før han kjem heim, dette gjev oss foreldre litt mindre innsyn i alle fag, men summen av lekser vert likare innan klassa, dei får jobbe samtidig. Dette opplever vi positivt.

Om det ikkje vert 4-dagars skule, er einaste alternativet etter vår meining: 3.alt. Ulike hentetider, buss/skyss heim til ulike hentetider vert vanskelegare for foreldra å organisere enn ein fast dag fri i veka. Om 2.alt vert valt, tvingar de mange fleire til å betale for SFO, noko som gjev småbornsfamiliane ei auka utgift. Den norske skulen har gratisprinsipp. Å ha 100% jobb og samstundes vere heime til kl 13.30 er ikkje mogleg. Argumentasjonen om at mange ynskjer at begge foreldre å jobbe fullt held difor ikkje mål. Det er for så vidt vanskeleg også i ei 80% stilling, å ta 12.50-ferja heim frå Volda 3 dagar i veka er omtrent umulig og tvingar då borna til SFO. Fysisk aktivitet/leksetid er meir positivt medan ein ventar på bussen, enn å vere heime åleine ein time medan ein ventar på foreldre.

Vi ynskjer nullalternativ, 3.alternativ er vårt 2.val.

Helsing Runhild Hånes Aksnes og Jan-Øystein Aksnes

Takk for tilbakemeldinga. Den vert sendt vidare til sakshandsamar.

Per Ivar Kongsvik

Oppvekstsjef

Tlf 905 26 757

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: June-Kathrin Klingberg [<mailto:junekathrin@hotmail.com>]

Sendt: 24. oktober 2017 08:43

Til: Per Ivar Kongsvik <[Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no](mailto:Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no)>

Emne: Angående fem-dagarsveke på Dalsfjord

Hei!

Angående fem-dagars skuleveke, så trur eg tida er komen for det på Dalsfjord skule. Om me skal få med oss dei unge foreldra til å velje Dalsfjord, trur eg dette er veldig viktig. Sjølv om nokre framleis ynskjer å ha fridag, så ser me at fleire av dei unge foreldra er avhengige av å kunne vere i full jobb, og nokre vel privatskulen grunna det.

I bussvent-tid kan ein legge inn leksetid (då ynskjer eg at det er reglar og struktur, slik at det ikkje flyt for mykje ut.), og SFO kan starte i 6. time for dei som treng det. Slik gjer me det i Vanylven, og det fungerer fint. De kan sikkert ta kontakt med rektor på Myklebust om de ynskjer å høyre litt om organiseringa.

Alternativ 3 er kanskje mest aktuelt for oss, dei to skuleborna våre tek bussen heim uansett neste år når eldstemann ikkje har SFO. Men alternativ 2 er også OK.

Eg bad rektor tenkje på om ein kunne legge kulturskuleundervisning til bussvent-tid dersom dette er aktuelt for nokon av elevane. (Gitar, piano, osv). Det sparer mange for ekstra køyring over lange avstander, og ungane er der likevel og ventar. Kanskje vil fleire nytte seg av kulturskuletilbod då. Berre eit forslag.

Beste helsing

June-K Klingberg

Klubben i UDF Volda ved Dalsfjord skule har svart på høyring om utviding av skuleveka for 1.- 4. trinn ved Dalsfjord skule.

Dalsfjord skule har foretatt høyring vedr. Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule.

Vi diskuterte dei tre skisserte alternativane ut frå historikk og dei pedagogiske vurderingane som allereie ligg til grunn. Det rådande synet i klubben er at dagens ordning med fulle skuledagar fire dagar i veka vert ei belastning for spesielt dei minste elevane. Det vert lange dagar og lite å gå på.

Det vart foretatt ei røysting, og av totalt 8 frammøtte klubbmedlemmar stemte 7 medlemmar for [alternativ 2](#) («Alle går på skule kvar dag med ekstra skuleskyss tysdag, onsdag og torsdag»). Klubben meiner også at det er ein føresetnad til iverksetting av alternativ 2 at SFO-ressursen samtidig må utvidast.

Beste helsing  
Sirikit Vågen  
HTV og lokallagsleiar Utdanningsforbundet Volda  
900 56688

---

**Frå:** Stian Grønbech <stian.gronbech@voldaskulen.no>

**Sendt:** 24. oktober 2017 15:02

**Til:** Utdanningsforbundet Volda

**Emne:** SV: Høyring - Sak om utviding av skuleveka for 1. -4. trinn ved Dalsfjord skule

Hei!

Dalsfjord skule har foretatt høyring vedr. Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule.

Vi diskuterte dei tre skisserte alternativane ut frå historikk og dei pedagogiske vurderingane som allereie ligg til grunn. Det rådande synet i klubben er at dagens ordning med fulle skuledagar fire dagar i veka vert ei belastning for spesielt dei minste elevane. Det vert lange dagar og lite å gå på.

Det vart foretatt ei røysting, og av totalt 8 frammøtte klubbmedlemmar stemte 7 medlemmar for [alternativ 2](#) («Alle går på skule kvar dag med ekstra skuleskyss tysdag, onsdag og torsdag»). Klubben meiner også at det er ein føresetnad til iverksetting av alternativ 2 at SFO-ressursen samtidig må utvidast.

Beste helsing



**Stian Grønbech**

Lektor

Dalsfjord skule

Direkte 70055064 Mobil 97042260

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Utdanningsforbundet Volda [mailto:post@Volda.utdanningsforbundet.no]

**Sendt:** tysdag 26. september 2017 14:31

**Til:** Stian Grønbech <stian.gronbech@voldaskulen.no>

**Emne:** Høyring - Sak om utviding av skuleveka for 1. -4. trinn ved Dalsfjord skule

Hei Stian.

I dag vart det sendt ut ei høyring om utviding av skuleveka for 1. 4. trinn ved Dalsfjord skule. Utdanningsforbundet er høyringsinstans i denne høyringa. UDF Volda vil ha tilbakemelding frå tillitsvald på Dalsfjord skule om klubben sitt syn på denne saka før vi sender inn vårt høyringssvar. Høyringsfristen er 26. oktober 2017.

Ber om tilbakemelding frå tillitsvald innan 25. oktober , slik eg rekk å samanfatte og sende inn svaret innan høyringsfristen.

Eit anna spørsmål; kjem du på ATV- samlinga på måndag 2. oktober?

Ha ein fin dag!

Beste helsing  
Sirikit Vågen  
HTV og lokallagsleiar Utdanningsforbundet Volda  
900 56688

**- Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.** Denne e-post er kun beregnet for den person/de personer den er rettet til. E-posten kan inneholde fortrolig informasjon. I tilfelle feiloverføring/feilsending skal e-posten slettes. Det gjøres oppmerksom på at enhver form for bruk av opplysningene mottatt ved feiloverføring/feilsending ikke er tillatt. Ved feiloverføring/feilsending vennligst kontakt avsender eller [post@utdanningsforbundet.no](mailto:post@utdanningsforbundet.no), eller ring 24 14 20 00.

**- Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.** Denne e-post er kun beregnet for den person/de personer den er rettet til. E-posten kan inneholde fortrolig informasjon. I tilfelle feiloverføring/feilsending skal e-posten slettes. Det gjøres oppmerksom på at enhver form for bruk av opplysningene mottatt ved feiloverføring/feilsending ikke er tillatt. Ved feiloverføring/feilsending vennligst kontakt avsender eller [post@utdanningsforbundet.no](mailto:post@utdanningsforbundet.no), eller ring 24 14 20 00.

FAU ved Dalsfjord skule

Dalsfjord, 26.10.2017

Volda Kommune  
Opplæring og oppvekst

## HØYRING

### SAK OM UTVIDING AV SKULEVEKA FOR 1.-4. TRINN VED DALSFJORD SKULE

Vi viser til høyringsskriv datert 26.0.2017.

Det går ikkje tydeleg fram av høyringsskrivet kva SFO-tilbod som vil verte gitt ved dei ulike alternativa. FAU ved Dalsfjord skule føreset at SFO-tilbodet vert utvida i tråd med dei ulike alternativa og at 100% SFO-plass ikkje vil koste meir pga. lenger opningstid på ettermiddag. Det må vere SFO-tilbod alle fem dagane frå kl 07.00 og fram til skulestart og frå skuleslutt/"bussvent" til kl 17.15.

#### 1) 0-alternativet

0-alternativet må tilby SFO også på onsdag for å vere eit reelt tilbod utifrå dagens behov. Jf. høyringsskrivet avsnitt merka "Begrunningar/drøftingar/oppsmmeringar".

#### 2) Alle går på skule kvar dag. Det vert organisert ekstra skuleskyss tysdag, onsdag og torsdag.

FAU føreset at det måndag og fredag vert tilbod om bussvent (leksehjelp/fysisk aktivitet) for 1.-7. klasse kl 13.20-14.15.

Som fylgje av at skulen sluttar ein time tidlegare vil nokre familiar verte påtvinga ein ekstra kostnad med SFO. Dei av foreldra som pendlar med ferje må slutte arbeidsdagen kl 12.30, mot kl 14.00 slik det er i dag, for å sikre tilsyn med born etter skuletid. Jf. ferjerute.

#### 3) Alle går på skule kvar dag. Dei har ulike sluttider, men i "ventetida" på skuleskyss blir det av skulen organisert til dømes leksetid/fysisk aktivitet.

I "ventetida" på skuleskyss bør det også vere kulturskuletilbod.

FAU ved Dalsfjord skule går inn for alternativ 3. Spesielt i forhold til sosial utjamning ser ein dette som det beste alternativet.

Med venleg helsing

FAU ved Dalsfjord skule

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 16/1929	Avd: Opp
Løpnr:	Shs: Haustr
26 OKT 2017	
Arkivdel: <i>Fune 2</i>	
Klassering P:	
Klassering S:	



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Astrid Gjersdal	Arkivsak nr.:	2016/2129
		Arkivkode:	223

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
10/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	14.02.2018

### REVIDERING AV PRINSIPP FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

#### Administrasjonen si tilråding:

#### *Punkt 5 i prinsipp for tildeling av kulturmidlar vert endra til:*

*5) Tidleg innsats, forebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak*

- retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne*
- som fleire lag eller grupper samarbeider om*
- som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav*
- som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande*

#### *Eit nytt punkt vert lagt til:*

*Punkt 11) Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport med rekneskap, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.*

#### Vedleggsliste:

Sak 2017/1782, Kulturmidlar 2017, Volda kommune

#### Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok 31.08.2017 prinsipp for tildeling av kulturmidlar for Volda kommune, etter tilråding frå driftsstyret. Midlane vart vedteke tildelt etter søknad av tenesteutval for oppvekst og kultur 15.11.2017. I same sak vedtok utvalet:

*Tenesteutval for oppvekst og kultur ber om at administrasjonen forebur sak for revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlane i forkant av utlysing våren 2018.*

#### Saksopplysningar/fakta:

Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er i kommuneplanen vedteke som satsingsområde i kommunen. I samsvar med dette vart det sett som hovudprinsipp for tildeling av kulturmidlane.

At kultur gir helse er kjent, og følgeleg vil det å styrke kulturlivet også vere godt folkehelsearbeid. Likevel, kulturfeltet er eit mangfaldig og sjølvstendig samfunnsområde som kviler på eigne vilkår. Rein helseførebyggjande argumentasjon for å stø opp under kulturarbeid kan dermed vere noko snevert. Ein vil dermed rå til at det verte teke inn nokre tilleggspunkt i prinsippa for tildeling av midlane, som ivaretek eit større mangfald.

Ser vi på det lokale kulturlivet i Voldasamfunnet er det omfattande. Vi snakkar om alt frå kyrkje- og trussamfunn til trakka løyper på Reset, ballett, kor, musikk, kulturskule, kino, bibliotek, Rokken, fotballkampar på stadion og dei mange mindre banar kring i kommunen, festivalar, interessegrupperingar, 17.-mai-feiringar i kvar ei bygd og på kvart sitt vis. Og mykje, mykje meir.

Når det gjeld det organiserte frivillige kulturarbeidet, har vi ikkje eksakt tal på kor mange organisasjonar og lag vi har i kommunen vår. Frivilligsentralen har registrert 122 lag og organisasjonar, og dette er truleg eit altfor lavt tal.

Trass i alt all denne aktiviteten som er opp-lista ovanfor ikkje kjem inn under kriterium for kven som skal kunne søke kulturmidlar, kan vi likevel ha i minnet at kultur omfattar ein stor samfunnssektor, det er langt meir enn underhaldning og fritidssyslar. Kultur handlar om fellesskapen, identiteten, det kollektive, det som gjer oss til voldingar, sunnmøringar, vestlendingar, eller norske. Når menneske med ulike kulturbakgrunn, og såleis med ulike forståingar og referansar møtest, og kulturuttrykk vert blanda, skaper vi nye. Og det skjer heile tida. I musikk, i kunst, i mat, i litteratur og i mellommenneskeleg samhandling genererelt.

### **Prinsipp for tildeling**

Kulturmidlane er meint som stimuleringsmidlar til konkrete prosjekt. Det låg som grunnprinsipp i diskusjonen frå førre drøfting i utvalet at dei ikkje skal delast ut som småbeløp til alle lag, men tildelast på grunnlag av ein søknad med grunngjeving, og budsjett.

Skal det i det heile vere mogeleg å prioritere det eine tiltaket frå det andre, må det setjast tydelege prinsipp for korleis det skal gjerast. Kva vil ein med kulturmidlane?

Vil ein både vidareutvikle etablert kulturaktivitet og stimulere til nyskaping og mangfald? Er begge deler mogeleg utan å måtte tildele alle likt? Kva med aldersgrupper? Det er frå før av gjort prioritering av barn og unge og menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vert ikkje føreslege endra.

Men det vert føreslege at kulturaktivitet som verkar samlande på tvers av aldersgrupper/generasjonar og/eller på tvers av kultur/etnisk bakgrunn vert gitt prioritet i fleirkulturelle Volda. Vi veit at born som veks opp i innvandrarfamiliar deltek i mindre grad i organisert fritidsaktivitet enn etnisk norske barn. Dette gjeld landet generelt, og det er vel lite som tyder på at Volda er annleis.

Bør det vere eit mål at fleire deltek i kulturell aktivitet? At fleire vert inkludert både i eksisterande tradisjonell fritidsaktivitet og at ein stimulerer utvikling av nye måtar å utøve kulturaktivitet på? Vi veit òg at mellom den eldre delen av befolkninga vår er det mange som vert kulturelt inaktive, og dermed får eit dårlegare liv. Ein vil tru dette også gjeld andre grupper av befolkninga der livsvilkåra endrar seg, og dermed også det sosiale og kulturelle livet. Det vert føreslege at ein prioriterer tiltak som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande. Her vert ikkje nokon særskilde befolkningsgrupper nemnde framfor andre.



Korleis oppnår ein nyskaping? Ofte skjer dette ved at ein går ut av eigen krins og søker samhandling med andre. Det vert dermed føreslege å prioritere tiltak der fleire lag/grupper etc. går i hop om å utvikle noko i fellesskap.

Dersom ein ynskjer å målrette kulturmidlane innan aktivitetsområde, kan ei løysing vere å vedta satsingsområde. Td at det eine året vert gitt prioritet til scenekunst/aktivitet, eit anna til song og musikk, og eit tredje til idrett og friluftsliv. Til dømes. Det vert ikkje i denne omgong føreslege frå administrasjonen si side konkret forslag om dette.

### **Rapportering**

Ein vil rå til at utvalet vedtek eit punkt om rapportering av midlane. Når ein løyver offentlege midlar bør ein sikre at desse vert nytta etter intensjonane. I forslaget ber ein om rapport eit år etter tildeling, altså at det kjem med på rekneskapet for året midlane vert løyvt, og før evt. nye midlar vert omsøkt.

I tilrådinga til vedtak vert det føreslege å endre punkt 5, frå

***5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.***

til

***5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak***

- retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne*
- som fleire lag eller grupper samarbeider om*
- som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav*
- som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande*

Ein legg òg til eit nytt ***punkt 11: Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport med rekneskap, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.***

**Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.**

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Godt kulturarbeid er godt førebyggjande helsearbeid

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering og konklusjon:**

Kulturfeltet er eit mangfaldig og sjølvstendig samfunnsområde som kviler på eigne vilkår. Rein helseførebyggjande argumentasjon for å stø opp under kulturarbeid kan dermed vere noko snevert. Ein vil rå til at prinsippa for tildelinga av midlane ivaretek eit større mangfald.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sektor kultur og service for vidare arbeid



# VOLDA KOMMUNE

## Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST» «POSTSTED»  
»

Arkivsak nr. 2017/1782      Løpenr. 14910/2017      Arkivkode 223      Avd/Sakshandsamar SVK/ BENTKRO      Dato 20.11.2017

### MELDING OM POLITISK VEDTAK - TILDELING AV KULTURMIDLAR TIL LAG OG ORGANISASJONAR

Vi melder med dette frå at Tenesteutval for oppvekst og kultur den 15.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 14/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Tenesteutval for oppvekst og kultur ber om at administrasjonen førebur sak for revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlane i forkant av utlysing våren 2018.*
- 2. Volda kommune sine kulturmidlar fordeles slik til følgjande lag/organisasjonar:*

<i>Volda/Ørsta revmatikerforening</i>	<i>10.000</i>
<i>Ørsta Volda Folkedanslag</i>	<i>18.000</i>
<i>Stiftinga Volda Sogelag</i>	<i>10.000</i>
<i>Volda Ørsta Kunstlag</i>	<i>20.000</i>
<i>ITF Volda Taekwondoklubb</i>	<i>5.000</i>
<i>Lauvstad skulekorps</i>	<i>10.000</i>
<i>Volda skulekorps (korps i klasserommet)</i>	<i>35000</i>
<i>Volda skulekorps (helgeseminar)</i>	
<i>Volda skulekorps (storbandskule)</i>	
<i>Volda Røde kors</i>	<i>14.000</i>
<i>Volda folketeater</i>	<i>18.000</i>
<i>Idrettslaget Varg kampsport og fritid</i>	<i>10.000</i>
<i>Volda og Ørsta Ballettskule</i>	<i>20.000</i>
<i>Vestsida idrettslag</i>	<i>10.000</i>
<i>VTI</i>	<i>20.000</i>
<i>Volda og Ørsta Trialklubb</i>	<i>0</i>
<i>Grendahuset Vesttun</i>	<i>0</i>
<i>Spiren aktivitetshus</i>	<i>0</i>
<i>KFUM/KFUK speidarane</i>	<i>0</i>
<i>Åtgaum kunstlag</i>	<i>0</i>
<i>Røverbanden</i>	<i>0</i>
<i>FA-song</i>	<i>0</i>

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058887      Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946      Bankgiro: 3991.07.81727

<b>Totalt beløp</b>	<b>200.000</b>
---------------------	----------------

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret  
Bente Kristin Krøvel  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2017/1782
		Arkivkode:	223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Tenesteutval for oppvekst og kultur	15.11.2017

### TILDELING AV KULTURMIDLAR TIL LAG OG ORGANISASJONAR

#### **Handsaming:**

Forslag frå leiaren Rebecca Riise Bjerknes:

*Tenesteutval for oppvekst og kultur ber om at administrasjonen førebur sak for revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlane i forkant av utlysing våren 2018.*

*Tok kom fram til at Volda skulekorps får samla kr. 35.000,- til tre ulike prosjekt: Korps i klasseromet, Helgeseminar og Storbandskule.*

#### **Røysting:**

Etter ei samla vurdering vart kultidmidlane samrøystes vedtekne.

#### **Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 15.11.2017**

- Tenesteutval for oppvekst og kultur ber om at administrasjonen førebur sak for revidering av kriteria for tildeling av kulturmidlane i forkant av utlysing våren 2018.***
- Volda kommune sine kulturmidlar fordeles slik til følgjande lag/organisasjonar:***

<b><i>Volda/Ørsta revmatikerforening</i></b>	<b><i>10.000</i></b>
<b><i>Ørsta Volda Folkedanslag</i></b>	<b><i>18.000</i></b>
<b><i>Stiftinga Volda Sogelag</i></b>	<b><i>10.000</i></b>
<b><i>Volda Ørsta Kunstlag</i></b>	<b><i>20.000</i></b>
<b><i>ITF Volda Taekwondoklubb</i></b>	<b><i>5.000</i></b>
<b><i>Lauvstad skulekorps</i></b>	<b><i>10.000</i></b>

<i>Volda skulekorps (korps i klasserommet)</i>	
<i>Volda skulekorps (helgeseminar)</i>	<b>35000</b>
<i>Volda skulekorps (storbandskule)</i>	
<i>Volda Røde kors</i>	<b>14.000</b>
<i>Volda folketeater</i>	<b>18.000</b>
<i>Idrettslaget Varg kampsport og fritid</i>	<b>10.000</b>
<i>Volda og Ørsta Ballettskule</i>	<b>20.000</b>
<i>Vestsida idrettslag</i>	<b>10.000</b>
<i>VTI</i>	<b>20.000</b>
<i>Volda og Ørsta Trialklubb</i>	<b>0</b>
<i>Grendahuset Vesttun</i>	<b>0</b>
<i>Spiren aktivitetshus</i>	<b>0</b>
<i>KFUM/KFUK speidarane</i>	<b>0</b>
<i>Åtgaum kunstlag</i>	<b>0</b>
<i>Røverbanden</i>	<b>0</b>
<i>FA-song</i>	<b>0</b>
<b>Totalt beløp</b>	<b>200.000</b>

#### **Administrasjonen si tilråding:**

Volda kommune sine kulturmidlar fordeles slik til følgjande lag/organisasjonar:

Volda/Ørsta revmatikerforening	10.000
Ørsta Volda Folkedanslag	18.000
Stiftinga Volda Sogelag	10.000
Volda Ørsta Kunstlag	20.000
ITF Volda Taekwondoklubb	5.000
Lauvstad skulekorps	10.000
Volda skulekorps (korps i klasserommet)	10.000
Volda skulekorps (helgeseminar)	10.000
Volda skulekorps (storbandskule)	15.000
Volda Røde kors	14.000
Volda folketeater	18.000
Idrettslaget Varg kampsport og fritid	10.000
Volda og Ørsta Ballettskule	20.000
Vestsida idrettslag	10.000
VTI	20.000
Volda og Ørsta Trialklubb	0
Grendahuset Vesttun	0
Spiren aktivitetshus	0
KFUM/KFUK speidarane	0
Åtgaum kunstlag	0

Røverbanden	0
FA-song	0
<b>Totalt beløp</b>	<b>200.000</b>

## Vedleggsliste:

### Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok i januar 2017 å innføre ordning med kulturmidlar, og i 2017 er det løyvd 200.000 kr til dette tiltaket. Det er Tenesteutval for oppvekst og kultur som skal fordele midlane.

Dette er den samordna utdelinga av kulturmidlar i Volda kommune i 2017. Kulturmidlane blei annonsert i lokalavis og på kommunen si heimeside og facebookside med søknadsfrist 1. oktober. Det kom inn 22 søknader, og totalt ein søknadssum på 756.000 kr. Budsjettposten er på totalt 200.000 kr. Dette er første gong på fleire år at Volda kommune har ein eigen budsjettpost for kulturmidlar.

Oppretting av kulturmidlar i Volda kommune vil bidra til å styrke kulturlivet i kommunen og å gje moglegheit for enda større aktivitet i lag og organisasjonar.

### Tildelingskriterium

I prinsippa for tildeling av kulturmidlar står det at «*Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde for kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.*»

### Omtale av søknadane

1. Volda og Ørsta revmatikerforening har søkt om 20.000 kr i støtte til nytt UV-anlegg i varmtvassbassenget. UV-anlegget har ein totalkostnad på 140.000 kr. Aktiviteten i varmtvassbassenget er svært stor, og det blir nytta av både barn, unge og vaksne.
2. Volda og Ørsta folkedanslag har søkt om 36.000 kr i støtte til seminar i folkemusikk, folkesong og folkedans. Seminara vil vere særleg retta mot barn og unge, og Ørsta-Volda Folkedanslag står som teknisk arrangør.
3. Stiftinga Volda sogelag har søkt om 20.000 kr for å lage eit betre amfi/tribuneplass i helling på bygdetunet, med tanke på å legge betre til rette for funksjonshemma og eldre.
4. Volda og Ørsta kunstlag har søkt om 50.000 kr til prosjektet «NåDa»: Volda og Ørsta kunstlag er eitt av 10 kunstlag frå heile landet som er valt ut til å delta i dette prosjektet, der målgruppa er ungdom mellom 12-18 år. Målsettinga er å gje ungdom innsikt i kulturminner og samtidskunst, og forståing for korleis kunstnarar tenkjer og arbeider.
5. ITF Volda Taekwondo-do-klubb har søkt om 5.000 kr. Klubben søker om oppstartmidlar til innkjøp av utstyr etc til ei treningstilbod som dei nyleg har starta opp med i Austefjorden.
6. Volda skulekorps: 30.000 kr til prosjektet «Korps i klasserommet – våren 2018), som er eit samarbeid mellom Øyra skule og skulekorpset. Elevane i 3. klassetrinn skal over ein 8 vekers periode få undervisning i korpsinstrument i skuletida
7. Volda skulekorps: 25.000 kr til å arrangere helgeseminar med innleige av skulerte korpsinstruktørar for å auke motivasjon og spillelede hos medlemmane i korpset.

8. Volda skulekorps: 50.000 kr til prosjektet «Storbandskole» for unge musikarar i alderen 15-20 år. Storbandskolen vil vere open for elevar i kulturskolen i Volda og Ørsta, samt musikarar frå Austefjord, Folkestad, Lauvstad og Ørsta.
9. Lauvstad skulekorps har søkt om 40.000 kr for å kjøpe inn instrumenter til aspirantane i korpset.
10. Vestsida Idrettslag har søkt om 20.000 kr til prosjektet V.I.L.(L)-aktivitet der dei vil utvide og vidareutvikle moglegheitene for idrett og fysisk aktivitet i nærmiljøet, særleg for barn og unge, mellom anna gjennom gymleik, turn og allidrett for barn og unge.
11. Volda turn og idrettslag – fotball har søkt om 50.000 kr til utstyr til Volda alternativ aktivitet i tilknytning til fotballfritidsordninga.
12. Volda Røde Kors har søkt om 40.000 kr til utskifting av snøscooter, som er eit viktig hjelpemiddel i redningsarbeidet som blir utført. Røde Kors sin snøscooter har også dei siste åra vore nytta til å frakte brukarar på Volda Dagsenter på dagsutflukt.
13. Volda folketeater har søkt om totalt 18.000 kr for å starte opp YouTuber-klubb (13.000 kr i prosjekttilskot og 5.000 kr i oppstartstilskot). Dette vil vere eit heilt nytt tilbod for ungdom i alderen 13-19 på Søre Sunnmøre. I samarbeid med Høgskulen i Volda vil det bli starta opp eit fritidstilbod der ungdomar er manusforfattarar og skodespelarar, og studentar ved medielinja ved Høgskulen instruerer, filmar og redigerer.
14. Volda og Ørsta ballettskule har søkt om 20.000 kr til renovering av venterom/omkladningsrom.
15. Idrettslaget Varg kampsport og fitness søker om totalt 30.000 kr (: 20.000 kr i oppstartstilskot og 10.000 i prosjektkostnader) for innkjøp av utstyr, leige av hall, marknadsføring osv for å kunne arrangere sjølvforsvarskurs for jenter i Volda. Laget er nystarta.
16. Volda KFUK KFUM speidarane har søkt om 47.000 kr for å kjøpe inn 2 lavvoar/gammar som dei mellom anna skal nytte under deltaking på landsleiar i 2018. Rekneskap er ikkje lagt ved søknaden.
17. FA-song har søkt om 5.000 kr til å gje ut ein CD med 12 evangeliesonetter, målgruppe for prosjektet er ikkje spesifisert.
18. Volda & Ørsta Trialklubb har søkt om 20.000 kr til oppdatering av klubbhus, kjøkken og til å bygge tak over kontainerane med utstyr og sykklar. Årsmelding ligg ved, men det manglar rekneskap.
19. Røverbanden har søkt om 35.000 kr. Røverbanden er ein nystarta organisasjon for alle som ønsker å jobbe aktivt med trevirke, metall og tauverk på fritida, og Røverbanden ønsker å aktivisere medlemmene og «tilby et verktøy for de som ønsker å oppleve naturen over lengre tid». Det er ikkje spesifisert kva målgruppe «Røverbanden» har, men prosjektbeskrivelsen tyder på at det retter seg mot den vaksne delen av befolkninga.
20. Åtgaum kunstlag har søkt om 75.000 kr for å sette opp ei førestilling for barn i aldersgruppa 4-10 år. Rekneskap og årsmelding er ikkje lagt ved søknaden.
21. Spiren aktivitetshus/Vesttun har søkt om 50.000 kr i støtte for å setje i stand gamle Ulvestad skule til å romme ulike kulturaktiviteter for barn og unge. Det er tidlegare løyvt 100.000 kr til dette tiltaket i år.
22. Grendehuset Vesttun, som er kombinert grendahus og gymsal, har søkt om 75.000 kr til utskifting av lysarmatur. Det er tidlegare vedteke å løyve totalt 750.000 kr til dette grendehuset over ein 10-årsperiode.

### **Fordeling av kulturmidlane**

I administrasjonen si tilråding til fordeling av kulturmidlane, er det i første rekke lagt vekt på at søknadene oppfyller formelle kriterier (t.d. organisasjonsnr, vald styre) og at dei nødvendige vedlegga ligg ved søknaden (t.d. årsmelding, rekneskap med mindre det ikkje er rimeleg grunn for fritak). Dei søknadene som ikkje oppfyller dei formelle kriteriane, kan heller ikkje få tildelt kulturmidlar.

I prinsippa for tildeling av kulturmidlar er det lagt vekt på at ein skal prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.

To av søkjarane (Fasong og Røverbanden) kjem ikkje inn under målgruppa/har ikkje spesifisert målgruppa, og blir derfor innstilt med kr 0,- i kulturmidlar.

Dei som har levert søknader utan nødvendige vedlegg, har blitt kontakta og bedt om å ettersende dei nødvendige vedlegga. Men framleis er nokre av søknadene mangelfulle: Volda KFU/KFUM (manglar rekneskap), Volda & Ørsta Trialklubb (som manglar rekneskap) og Åtgaum kunstlag (manglar årsberetning og rekneskap).

Det er heller ikkje innstilt på at Spiren aktivitetshus og Grendahuset Vesttun skal få kulturmidlar. Volda kommune yter allereie eit godt tilskot til dette bygget, der det så langt er løyvt 750.000 kr over ein tiårsperiode og 100.000 kr i 2017 (omdisponering av deponitilskot).

Administrasjonen foreslår å løyve totalt 200.000 kr i denne søknadsrunden, sidan det allereie er i underkant av eit halvt år til neste søknadsfrist/ny tildeling.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. I prinsippa for tildeling av kulturmidlar i Volda kommune er det lagt vekt på tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne. Det er lagt vekt på dette tildelingskriteriet i innstilling til vedtak.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen, midlane er løyvt på årets budsjett

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ikkje aktuelt

### **Vurdering og konklusjon:**

Prinsippa for tildeling av kulturmidlar legg føringar for kva kriterier som må vere oppfylt for at eit lag/organisasjon skal få tildelt kulturmidlar, og det er lagt vekt på desse kriteriane i forslaget til tildeling.

sektorsjef kultur og service  
Inger-Johanne Johnsen

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Sektor kultur og service for utbetaling